

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	29.11.2017
<b>Tid:</b>	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Roald Breistein, tlf. 55 23 94 47/ 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Til varamedlemer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at varamedlemer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

På iPad kan møteinnkallinga til dette møtet, og møteprotokollen frå møtet 30.10 2017, lastas ned på ePolitiker og lesast i GoodReader.

Møteinnkallinga til dette møtet finn du også på denne lenkja:  
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=647>

Vidare finn du møtebok frå møte i kontrollutvalet 30.10.2017 på denne lenkja:  
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=646>

Inge Reidar Kallevåg  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Kopi: Fylkesrådmann  
Fylkesordførar  
Revisor

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 121/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 122/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 123/17	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar	2016/9440	
PS 124/17	Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Forslag til prosjektplan	2017/15170	
PS 125/17	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11221	
PS 126/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland - Del 1	2016/1940	
PS 127/17	Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/1940	
PS 128/17	Forvaltningsrevisjon innan "Arkivering og journalføring" - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/13386	
PS 129/17	Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring - Status i arbeid ved Deloitte	2017/13387	
PS 130/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar	2015/8847	
PS 131/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll	2014/10535	
PS 132/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggjande arbeid	2014/24576	
PS 133/17	Rekneskapsresultat hittil i 2017 for kontrollutvalet	2016/4239	
PS 134/17	Gjennomgang av møteprotokoller	2015/11023	
PS 135/17	Referatsaker		
RS 62/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. oktober 2017	2015/10348	
RS 63/17	Vedtak TING - Oppfølging av Stortinget sitt vedtak om samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar	2016/3311	
RS 64/17	Vedtak TING 27.10.17 - Val av revisor for fellesnemnd	2016/3311	
RS 65/17	FUV 26.10.17 - Godkjenning av fire prosjektrekneskap	2016/2768	
RS 66/17	Plan for selskapskontroll av Vigo IKS	2017/4190	
RS 67/17	Notat om forvaltningsrevisjoner i NDLA	2015/2073	
RS 68/17	Sak om NDLA 2 i kontrollutvalet i Telemark 13.11.17	2015/2073	
RS 69/17	Sak om NDLA 2 i kontrollutvalet i Aust-Agder 15.11.17	2015/2073	

RS 70/17      Kopi: KU Telemarks bekymringsmelding vedr NDLA      2015/2073  
PS 136/17    Eventuelt

**PS 121/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 122/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**



Arkivnr: 2016/9440-17

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	123/17	29.11.2017

## Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar

Bakgrunn for saka:

**Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 34/2017 i møte 13.06.2017:**

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:*

- 1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikrar at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.*
- 2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.*
- 3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.*
- 4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd.*
- 5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.*
- 6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:*
  - a) grunngjeving av enkeltvedtak*
  - b) skildring av kva det er fatta vedtak om*
  - c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka*
  - d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring*
- 7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

8. *Å avklare og tydeleggjer ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurderer fordelar og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjer kva dette har å seie for elevane.*
9. *At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer*
10. *Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.»*
11. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via utval for opplæring og helse.*

#### Drøfting:

Handlingsplan dagsett 03.11.2017 i tråd med punkt 11 i vedtak over er motteke og ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar. Det går ikkje klart fram av handlingsplanen når alle forbetringstiltaka skal vera ferdig slik det er bede om i punkt 11 i vedtaket frå fylkestinget. Det kan likevel tyde på at det meste skal vera ferdig innan utgangen av første halvår i 2018.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2018. Av tilbakemeldinga må det også gå fram når tiltaka er/skal verta iversett.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan oppfølging av minoritetsspråklege elevar .
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2018. Tilbakemeldinga må også innehalde når tiltaka er/skal verta iversett.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon opplæringstilbodet minoritetsspråkleg elevar



## Notat

Dato: 03.11.2017  
Arkivsak: 2017/16713-1  
Saksbehandlar: oydzien

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Forvaltningsrevisjon opplæringstilbudet minoritetsspråkleg elevar

Fylkesrådmannen viser til møte i FT 13.06.17 og vedtak i sak 34/2017.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «opplæringstilbudet til minoritetsspråklege elevar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for:

1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikre at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2
2. Å sikre at minoritetsspråklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa i skulen får eit tilbod om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring
3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritetsspråklege elevar sine norskkunnskapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring, og at norskkunnskapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov
6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld: a) grunngjeving av enkeltvedtak, b) skildring av kva det er fatta vedtak om, c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka, d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring
7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbudet om særskild norskopplæring
8. Å avklare og tydeleggjere ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i

Hordaland, under dette vurdere fordeler og ulemper ved å ha eit innføringstilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjere kva dette har å seie for elevane

9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.
11. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen skal også leggjast fram for fylkestinget via Utval for opplæring og helse.

Fylkesdirektør opplæring har sett ned ei intern arbeidsgruppe som skal koordinere oppfølginga av handlingsplanen. Gruppa skal rapportere jamnleg til fylkesdirektør opplæring.

Petter de Presno Borthen, rådgjevar minoritetsspråklege  
 Linda Farestveit, seksjonsleiar skule  
 Sunniva Schultze-Flore, jurist opplæringsavdelinga  
 Hillevi E. Runshaug, regionleiar  
 Birthe A. Haugen, seksjonsleiar fellestenester  
 Nina Ludvigsen, seksjonsleiar OT/PPT  
 Nils Skavhellen, leiar inntak  
 Marit Virkesdal, rådgjevar økonomi

Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
1. Å gjennomgå dei særskilde opplæringstilboda retta mot minoritetsspråklege elevar (treårig-studiespesialiserande og VG1 helse- og oppvekstfag), og sikre at fylkeskommunen etterlever reglane om organisering av klasser i opplæringslova § 8-2.	Jamfør § 8-2 og rettleiinga til denne. Sjå merknad til pkt.1 under tabellen  Fylkesdirektør opplæring har gått gjennom tilbodet til minoritetsspråklege elevar i tråd med tilrådingane i forvaltningsrapporten.  Det er i den Samanheng gjennomført møte med skulane som har hatt dei nemnde tilboda ved Bergen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge fram sak for fylkesutvalet med forslag om at det 3-årige tilbodet for minoritetsspråklege elevar ved Bergen katedralskole vert fasa ut. Frå hausten 2018 må elevar søkje seg inn i ordinære klassar. Elevar som starta i det 3-årige løpet i 2016 og i 2017 vil kunne fullføre utdanninga i Vg2 og Vg3 ved Bergen katedralskole.</li> </ul>	Fylkesdirektør opplæring, v/ regionleiarar og seksjonsleiarar



Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
	<p>katedralskole, Fyllingsdalen vidaregåande skole og Åsane vidaregåande skole.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Med frist 1.juni 2018 skal fylkesdirektør opplæring vurdere grunnlag for å opprette eit nytt studieretta Vg1-tilbod for elevar med vedtak om særskild språkopplæring. Elevar som søker inntak 1.februar 2019, kan då etter kartlegging og enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, få tilbod om inntil 2 år i Vg1 før dei søker plass i ordinære klassar i Vg2.</li> <li>• Frå hausten 2018 skal det ikkje takast inn nye elevar til Vg1 Helse og oppvekst ved Fyllingsdalen vidaregåande skole (2 klassar) og Åsane vidaregåande skole (1 klasse) for minoritetsspråklege elevar. Minoritetsspråklege elevar må søkje til ordinære klassar.</li> <li>• Med frist 1.juni 2018 skal det vurderast om fylket skal etablere eit yrkesretta Vg1-tilbod for elevar med vedtak om særskild språkopplæring. I eit</li> </ul>	

Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
		<p>nytt tilbod vil elevar som søker inntak 1.februar 2019 etter kartlegging og enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter § 3-12, få tilbod om inntil 2 år i Vg1 før dei søker plass i ordinære klassar i Vg2.Tilbodet kan prøvast ut i fleire yrkesretta tilbod.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå skuleåret 2018/19 vil elevar i innføringstilbod få elevstatus, og elevane nyttar av retten til opplæring (sjå pkt.8)</li> <li>• Dei vedtekne endringane skal inn i Inntaksforskrifta for skuleåret 2018/19.</li> <li>• Med frist 1. juni skal skuleeigar kartleggje alle søkjarar til innføringsklassane og skrive enkeltvedtak etter § 3-12 før inntaket vert fastsett.</li> </ul>	
<p>2. Å sikre at minoritets-språklege elevar som ikkje har tilstrekkelege norskkunnskapar til å</p>	<p>I Kvalitetsportalen finn skulane prosedyre for arbeidet med særskild språkopplæring samt alle dokument som skal nyttast. Sjå merknad til pkt.10 under.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon om § 3-12 skal årleg inngå i program for skuleleiingane på ulike samlingar som til dømes årleg kurs i jus for skulane og</li> </ul>	<p>Regionleiarane i samarbeid med seksjon skule</p>

Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
<p>følgje den vanlege opplæringa i skulen, får eit tilbod om særskild språkopp-læring, jf. Opplæringslova § 3-12 første ledd, og at det blir fatta enkeltvedtak om slik opplæring.</p>		<p>ressursteamsamling.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføre tilsyn i 3 skular i tråd med prosedyren.</li> </ul>	
<p>3. Å sikre at det blir gjennomført kartlegging av minoritets-språklege elevar sine norskkunn-skapar som grunnlag for å fatte enkeltvedtak om særskild språkopp-læring, og at norskkunn-skapane også blir kartlagt undervegs i opplæringa for elevar</p>	<p>Sidan § 3-12 om særskild språkopp-læring vart innført i 2008 har fylka etterlyst eigna kartleggingsverktøy som grunnlag for å fatte enkeltvedtak. Våren 2017 vart det difor starta eit arbeid i samarbeid med Høgskolen på Vestlandet/Kompetanse Norge og 3 skular for å få oversikt over ulike kartleggingsverktøy og praksis på skulane, og utvikle nye verktøy i samarbeid med pedagogisk tilsette og UH-sektoren.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøve ut nytt kartleggingsverktøy ved 3 skular gjennom skuleåret 2017/18. Verktøyet skal vere klart til bruk ved alle skular til skulestart 2018.</li> <li>• Lærarane skal få opplæring i bruk av verktøyet.</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar skule</p>

Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
som får særskild språkopplæring, jf. krav i opplæringslova § 3-12 fjerde ledd.			
4. At det for alle elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. Opplæringslova § 3-12 første ledd.	Våren 2017 vart det utarbeidd eit nytt skjema som skulane skal nytte for å sikre at skulane vurderer om elevane også har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytt skjema for enkeltvedtak blei tatt i bruk for skuleåret 2017/18</li> <li>• Innan 1.februar 2018 skal skuleeigar starte eit utviklingsprosjekt og søkje samarbeidspartnarar for å etablere digitale løysingar for to-språkleg støtte for elevar med denne retten etter § 3-12.</li> <li>• I samband med tilsyn om § 3-12 ved 3 skular (jf. tiltak i pkt.2) skal skuleeigar sjå enkeltvedtaka skulen har fatta.</li> </ul>	Regionleiarane
5. Å sikre at enkeltvedtak om særskild språkopplæring blir utforma med bakgrunn i den enkelte eleven sine individuelle behov.	Sjå merknad til pkt.4. under med kopi av nytt skjema for enkeltvedtak.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Krav om individuell kartlegging skal leggest til grunn for alle enkeltvedtak</li> <li>• Styrke kvaliteten på kartleggingsverktøy</li> </ul>	Regionleiarane og seksjonsleiar skule

Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
<p>6. At sakshandsaminga og enkeltvedtaka om særskild språkopplæring ved skulane oppfyller krav i opplæringslova og forvaltningslova, mellom anna når det gjeld:</p> <p>a) Grunngeving av enkeltvedtak</p> <p>b) skildring av kva det er fatta vedtak om</p> <p>c) informasjon om klageinstans og retten til å sjå dokumenta i saka</p> <p>d) enkeltvedtak om opphøyr av særskild språkopplæring</p>	<p>Det er gjort ein omfattande jobb med å revidere/fornye retningslinjer og malar i tråd med krav i lovverket.</p> <p>Nye retningslinjer og malar er gjort kjent for skuleleiarar. Hovudoppgåva vidare er å sikre forankring og kompetanse i heile organisasjonen.</p>	<p>Sikre at malar, skriv og prosedyrar oppfyller krav i opplæringslova og sikre at dei er kjent gjennom informasjon til skuleleiingane.</p> <p><b>FRIST: Aug 2017</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Sjå til at enkeltvedtak blir fatta så raskt som mogleg. Frist for rapportering av enkeltvedtak og elevlister til administrasjonen skal frå hausten 2018 vere 1.oktober for haustterminen og 1. februar for vårterminen.</li> <li>Fylkesrådmannen skal legge til rette for tilbod om årlege kurs om regelverksoppfølging på feltet i samarbeid med fylkesmannen i Hordaland.</li> </ul>	<p>Regionleiarane i samarbeid med seksjon skule</p> <p>Seksjonsleiar skule</p>

Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
<p>7. Å leggje til rette for meir erfaringsdeling og drøftingar på tvers av skulane når det gjeld organisering av tilbodet om særskild norskopplæring.</p>	<p>Fylkeskommunen har i fleire år arrangert samlingar for både norsklærarar og for lærarar i innføringsklassane der særskild språkopplæring og har vore tema.</p> <p>Frå 2016 har ein rådgjevar frå seksjon skule, saman med inntaksleiar, vitja alle skular med innføringstilbod (9 i 2016, 11 i 2017). Dei har møte med rektor, avdelingsleiar og lærarane i innføringsklassane der vi mellom anna diskuterer utfordringar i samband med tilbod om særskild språkopplæring. På agendaen står innsamling av innspel til tema skulane vil drøfte på samlingane for skulane i fylket, og tips om kven skulane kan kontakte for å få hjelp i saker frå skular med lengre erfaring på feltet.</p> <p>Fyllingsdalen vgs er frå skuleåret 17/18 Fokusskule for NAFO. Dei har brei erfaring i opplæring av elevar med kort butid og skal komande skuleår bidra</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføre ei samling med representantar frå alle skulane i Hordaland våren 2018 om tema særskild språkopplæring.</li> <li>• Nytt kurs med 30 plassar i samarbeid med UiB i norsk som andrespråk startar med 4 heile dagar den 26. oktober 2017. Norsklærarane er sentrale i kartlegging og tilrettelegging av særskild språkopplæring.</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar skule og seksjonsleiar fellestenester</p>

Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
	<p>med erfaringsdeling til andre skular i fylket og delta på nasjonale samlingar for kompetanseheving.</p> <p>3 skular skal delta i det nasjonale prosjektet «Kompetanse for mangfald» under leiing av Høgskulen på Vestlandet.</p>		
<p>8. Å avklare og tydeleggjere ulike sider ved innføringsklassene ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, under dette vurdere fordelar og ulemper ved å ha eit innførings-tilbod som ikkje er omfatta av opplæringslova, samt tydeleggjere kva dette har å seie for elevane.</p>	<p>Innføringsklassane i Hordaland har vore eit tilbod der elevane ikkje har brukt av retten til opplæring, heilt sidan den fyrste klassen vart oppretta rundt 1980. Dette vart gjort som motivasjon til å takke ja til eit frivillig tilbod. Tidlegare hadde alle elevar rett til 3 år skulegang, men for nokre år sidan vart dette endra for elevar med kort butid. Dei kan no søkje om utvida rett opp til 5 år, jf. opplæringslova § 3-1 (5).</p> <p>Elevar i kombinasjonsklasse nyttar ikkje av retten sin. Dette er i tråd med intensjonane i lova.</p> <p>Når elevar i innføringsklassane i framtida nyttar av retten sin vil det kunne føre til at fleire elevar vil bli tilvist til PPT for sakkunnige vurderingar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Frå skuleåret 2018/2019 skal elevane nytte av retten sin når dei går i innføringsklasse. Elevane vil dermed ha same rettar etter opplæringslova som elevar i ordinære klassar mellom anna til spesialundervisning og rett til gratis læremidlar.</li> <li>• Vurdere konsekvensar av ei slik endring med tanke på behov for auka ressursar til PPT for å sikre tilfredsstillande kapasitet i arbeid med sakkunnige vurderingar</li> <li>• Evaluere ordninga med kombinasjonsklassar.</li> <li>• Legge fram politisk sak med forslag til heilskapleg strategi</li> </ul>	<p>Seksjonsleiar fellestenester</p> <p>Seksjonsleiar OT/PPT</p> <p>Seksjonsleiar skule</p>

Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
	og kartleggingar. Det kan gi behov for auka personalressursar ved PPT.	for arbeidet med å auke gjennomføring og læringsutbyte for minoritetsspråklege med kort butid.  FRIST: Des 2018	
9. At elevar som er aktuelle kandidatar for innføringsklasse blir tydeleg informert om at dei har rett til å velje ordinær opplæring framfor innføringsklasse, og om konsekvensane av valet eleven gjer.	Fylkesrådmannen meiner elevane er godt informert om denne retten og at dette er ivaretatt i Hordaland. Elevane <u>sø</u> kjer seg inn på innføringskurs. Inntakskatalogen orienterer om tilbodet og at elevane sjølv vel om dei vil ta det ekstra året for å styrkje sine norskkunnskapar i alle fellesfaga. Den aktuelle informasjonen er berre omsett til engelsk, men med tilvising til vilbli.no som har omsett informasjon på 21 språk.  På dei årlege informasjonsmøta for søkjarar og føresette vert alle informerte om tilbodet – og at det er eleven sjølv som vel dette i staden for Vg1. Inntakskontoret gjennomfører regionvise møte med alle rådgjevarar i ungdomstrinnet der dette er eit sentralt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde fram med tett dialog med rådgjevarar i kommunane i samband med inntak og i arbeidet med utdanningsval.</li> <li>• Halde fram med informasjonsmøta med tolkar for elevar i grunnskulen og deira føresette før inntak.</li> </ul>	Seksjonsleiar skule



Tilrådingar i forvaltnings revisjonen	Kommentar	Tiltak	Ansvarleg
	tema. Informasjon om innføringskurs er og gitt i info-skriv omsett til 13 språk og sendt til alle skular.		
10. Å utarbeide rutinar for å tydeleggjere ytterlegare kva rettar elevane har når det gjeld val av målform, samt kven som har ansvar for å informere elevane om desse rettane.		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide rutinar for å syte for at elevane er klar over retten til å velje målform.</li> </ul> <p>FRIST: November 2017</p>	Seksjonsleiar skule
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.			Seksjonsleiar skule

Opplæringslova § 8-2. Organisering av elevane i grupper

*Elevane kan delast i grupper etter behov. Gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Organiseringa skal vareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør.*

I rettleiinga pkt.2.1.5.for § 8-2 står følgjande:

*«Første leddet i § 8-2 avsluttes med formuleringen: Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Denne bestemmelsen er prinsipielt den samme som i den tidlige lovteksten. Det betyr at faglig nivå, kjønn eller etnisk tilhørighet til vanlig ikke skal være et kriterium for gruppedeling. I kortere tidsperioder kan likevel andre enn det nevnte prinsippet legges til grunn for gruppeinndelingen, ut fra prinsippet om tilpasset opplæring.»*

**Merknad til pkt.4:** Kopi av mal til enkeltvedtak



**Enkeltvedtak om særskild språkopplæring for \_\_\_\_\_**

\_\_\_\_\_ skule viser til kartlegging av \_\_\_\_\_ sine ferdigheiter i norsk, førehandsvarsel datert \_\_\_\_\_ og samtykke frå eleven sine foreldre datert \_\_\_\_\_.

**Enkeltvedtak**

Namn: \_\_\_\_\_, fødselsnummer: \_\_\_\_\_ får tilbod om særskild språkopplæring frå dato \_\_\_\_\_ til dato \_\_\_\_\_ i form av

(set kryss)

- særskild norskopplæring. Særskild norskopplæring vil bli gitt i \_\_\_\_\_ timar av dei \_\_\_\_\_ timane elevens klasse har opplæring i norsk. Eleven vil/vil ikkje bli teken ut av den ordinære klassen i desse timane.
- morsmålsopplæring. Morsmålsopplæring blir gitt i tillegg til dei ordinære timane, og vil bli gitt på følgjande tidspunkt og stad: \_\_\_\_\_
- to-språkleg fagopplæring. To-språkleg fagopplæring er opplæring i fag på både norsk og eleven sitt morsmål, som er \_\_\_\_\_. Eleven

vil få tospråkleg opplæring i følgjande fag og få desse timetala i veka

---



---



---

Eleven vil/vil ikkje bli teken ut av den ordinære klassen.

*(Dersom eleven skal få heile eller delar av opplæringa i eit innføringstilbod, dvs. eiga gruppe/eigen klasse/eigen skule for nykomne minoritetsspråklege elevar, skal punktet nedanfor takast med.)*

Skulen har på grunnlag av kartlegging kome fram til at det er til det beste for \_\_\_\_\_ at heile eller delar av opplæringa går føre seg i eit særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar. Opplæringa vil då gå føre seg i eiga klasse frå dato \_\_\_\_\_ til dato \_\_\_\_\_ (maksimalt eitt år om gongen frå når opplæringa begynner) på \_\_\_\_\_ skule. (Dersom det skal gjerast avvik frå læreplanverket fordi det er nødvendig for å møte eleven sitt behov, må dette spesifiserast her.)

---



---



---

### **Rettsleg grunnlag**

Særskild språkopplæring er ei samlenemning for særskild norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Særskild norskopplæring er forsterka opplæring i norsk. Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet, medan tospråkleg fagopplæring betyr at eleven får opplæring i eitt eller fleire fag på to språk. Etter opplæringslova § 3-12 første ledd har elevar i vidaregåande opplæring med anna morsmål enn norsk og samisk rett til særskild norskopplæring inntil dei har tilstrekkelege norskferdigheiter til å følgje den ordinære opplæringa på skolen. Om nødvendig har elevar rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, i tillegg til særskild norskopplæring. Det står i opplæringslova § 3-12 andre ledd at morsmålsopplæringa kan leggjast til ein annan skule enn den eleven går på til vanleg. Dersom morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan bli gitt av eigna undervisningspersonale, skal kommunen leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

*(Dersom eleven skal få opplæring i eit innføringstilbod, skal avsnittet nedanfor takast med:)*

Etter opplæringslova § 3-12 femte ledd kan fylkeskommunen organisere heile eller delar av opplæringa for nykomne minoritetsspråklege elevar i egne grupper, klassar eller skular (innføringstilbod). Særskilt opplæringstilbod for nykomne kan berre bli gitt dersom det blir sett på som det beste for eleven.

Eleven kan få opplæring i eit innføringstilbod inntil to år, men det kan berre gjerast vedtak for eitt år om gongen. I enkeltvedtaket kan det gjerast avvik frå læreplanverket. Avvika gjeld berre for den aktuelle eleven, og kan berre bli gitt i den utstrekning det er naudsynt for å møte eleven sitt behov. Eleven eller foreldra må samtykke før opplæringa kan bli gitt i eit innføringstilbod.

### **Bakgrunn for saka**

Kort beskriving av kartleggingsverktøy \_\_\_\_\_  
 Beskriving av resultatet av kartlegginga, medrekna ei beskriving av eleven sine ferdigheiter i norsk \_\_\_\_\_

---

### Vurdering

*Kvifor har eleven rett til særskild språkopplæring, og kva for type/typar særskild språkopplæring. Dette må vurderast ut frå elevens norsksferdigheiter som er beskrivne over her. Dersom eleven skal få heile eller delar av opplæringa i eit innføringstilbod, må det gå fram kvifor dette er vurdert til å vere det beste for eleven, og kvifor det ev. blir gjort avvik frå læreplanverket.*

---



---

### Høve til å klage

Du kan klage på dette vedtaket. **Fristen for å klage er tre veker frå du har fått vedtaket.**

Klagen bør vere skriftleg og må nemne kva for endring du ønskjer. Dersom ikkje klagen er skriftleg, vil skulen skrive ned klagen. Du bør også grunngi klagen, altså sei kva endring du ønskjer. Du sender klagen til skulen ved rektor. Rektor skal vurdere saka på nytt og kan anten gjere om vedtaket eller sende klaga til Fylkesmannen i Hordaland, som er endeleg klageinstans. Du har rett til å sjå alle dokumenta i saka og kan la deg representere av ein annan, sjå forvaltningslova §§ 18, 19 og 12.

Du har alltid rett til å klage, uavhengig av fristen på tre veker, dersom den særskilde språkopplæringa som blir gitt, ikkje er som beskriven i dette vedtaket.

Dato:

Venleg helsing

rektor

### Merknad til pkt.10.

Skuleeigar sitt system for oppfølging av elevar med rett til særskild språkopplæring inkluderer følgjande:

1. Skuleeigar skal hente inn elevlister frå skulane to gonger årleg (1.11. og 1.5.).
2. Rektor frå eit utval skular skal sende inn eigenvurdering saman med enkeltvedtak. Det er skuleeigar som skal lage mal for eigenvurderinga. Utdrag frå eigenevaluering for oppfyljing av lovkrav (kvalitetsportalen) kan inngå i eigenvurderinga.
3. Skuleeigar skal gje skriftleg melding om tilsyn til den enkelte skule v/rektor, på bakgrunn av innsend dokumentasjon.
4. Skuleeigar skal lage plan for gjennomføring av tilsynsbesøk i dialog med skulen ved rektor.
5. Skuleeigar skal vurdere skulen sitt arbeid og setje i verk tiltak.
6. Skuleeigar skal godkjenne skulen sin plan for korrigering av avvik og vurdere oppfølgingsmøte ved

behov.

Henta frå skrivet «*Prosedyre for oppfølging av skulane sin forvaltningskompetanse - elevar med rett til særskild språkopplæring*» som ligg i Kvaltetsportalen.



Arkivnr: 2017/15170-6

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	124/17	29.11.2017

## Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Forslag til prosjektplan

### Bakgrunn for saka:

**I møte i kontrollutvalet 29.08.2017 vart dette protokollert si sak PS 86/17:**

#### **«Handsaming i møtet**

Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS. Utvalet ber sekretariatet om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll før Deloitte vert beden om å lage forslag til prosjektplan.

#### **Føremål:**

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Grieghallen IKS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.

#### **Problemstillingar:**

##### **Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:**

1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt eigne vedtak og rutinar?
  - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
  - b. Korleis har Hordaland fylkeskommune følgd opp selskapet, under dette mål og krav som eigarane har etablert for selskapet?

##### **Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:**

2. I kva grad driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med sitt vedtektsfesta føremål og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?

3. I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at lovverket sine krav til god selskapsleiing blir etterlevd?
4. I kva grad har selskapet etablert ei føremålstenleg organisering og god internkontroll som omfattar:
  - a. Kontrollmiljø (organisering, leiing, ansvarsdeling, samhandling)
  - b. Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreduserande tiltak)
  - c. Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)
  - d. Kommunikasjon og informasjon i verksemda
  - e. Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)

#### **Problemstillingar knytt til tilskot**

5. Kva krav har Hordaland fylkeskommune sett krav i høve garanti som er gjeve til selskapet?

Etter dette vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Før prosjektplan vert bestilt frå Deloitte, vert sekretariatet beden om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll.»

#### **På bakgrunn av punkt 2 i vedtaket sendte sekretariatet 05.09.2017 slik førespurnad til kontrollutvalet i Bergen kommune:**

«Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 86/17 Bestilling av selskapskontroll:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Før prosjektplan vert bestilt frå Deloitte, vert sekretariatet beden om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll.

Fullstendig saksframlegg med saksprotokoll går fram nedanfor.

#### Påskrift frå sekretariatet:

Dersom kontrollutvalget i Bergen kommune ønskjer å delta i ein slik selskapskontroll, ber vi om at det vert teke stilling til kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sitt forslag til føremål og problemstillingar som går fram av saksprotokollen. I dette ligg det også om det er ønskeleg å undersøke både problemstillingar knytt til Bergen kommune si eigarskapsforvaltning og problemstillingar knytt til drifta i selskapet.

Tilbakemeldinga frå kontrollutvalet i Bergen kommune vil, saman med det som går fram av saksprotokollen nedanfor, danne grunnlag for at vi ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan som inneheld føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk. Tanken er vidare at prosjektplanen skal leggjast fram for begge kontrollutvala til godkjenning før Deloitte kan starte sin revisjon.»

#### **Kontrollutvalet i Bergen kommune handsama førespurnaden i møte 26.09.2017 der det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalget i Bergen ønsker ikke å delta i selskapskontrollen av Grieghallen IKS.»

**Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama svaret frå Bergen kommune i møte 30.10.2017 og det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet gav i møte 29.08.2017, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 15.11.2017 og skal godkjennast i neste ordinære møte i kontrollutvalet.*

Drøfting:

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for selskapskontroll av Grieghallen IKS. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

**Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:**

*«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Grieghallen IKS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt om selskapet har etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.»*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

**«Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:**

1. *I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt egne vedtak og rutinar?*
  - a. *I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?*
  - b. *I kva grad er det etablert ein selskapsavtale i samsvar med krav i regelverket?*
  - c. *Korleis har Hordaland fylkeskommune følggt opp selskapet, under dette mål og krav som eigarane har etablert for selskapet?*
  - d. *Kva krav har Hordaland fylkeskommune sett i høve garanti som er gjeve til selskapet?*

**Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:**

2. *Driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med lov om interkommunale selskap, selskapsavtalen og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?*
3. *Har selskapet etablert tilfredsstillande internkontroll tilpassa drifta i selskapet?*
  - a. *Kontrollmiljø (organisering, leiing, ansvarsdeling, samhandling)*
  - b. *Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreduserande tiltak)*
  - c. *Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)*
  - d. *Kommunikasjon og informasjon i verksemda*
  - e. *Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)*
4. *Har selskapet etablert system og rutinar som sikrar ei forsvarleg økonomisk drift?»*

I dette selskapskontrollprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, verifisering, høyring og kvalitetssikring som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre 3 - 5 intervju med utvalde personar, i leiinga i selskapet (styret og administrasjon) og representantar frå Hordaland fylkeskommune.

I punkt 4.2 i prosjektplanen går det m.a. fram dette:

*«Om det viser seg at prosjektet ikkje blir så omfattande at det krev 250 timar fakturere vi berre det som er medgått.»*

Med denne presiseringa, og med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen, meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.



**Konklusjon:**

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen, inkludert opsjon på eventuell presentasjon av revisjonsrapporten for Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Grieghallen IKS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 07.12.2017.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og selskapet, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Prosjektplan selskapskontroll Grieghallen IKS



**Selskapskontroll | Hordaland fylkeskommune**

Grieghallen IKS

Prosjektplan/engagement letter

November 2017

# Innhold

1. Innleiing	3
2. Kontrollkriterium	5
3. Metode	8
4. Tid og ressursbruk	9

«Selskapskontroll av Grieghallen  
IKS - prosjektplan»

November 2017

Prosjektplan utarbeidd for  
Hordaland fylkeskommune av  
Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 51 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein prosjektplan for selskapskontroll av Grieghallen IKS.

## 1.2 Om selskapskontroll

Selskapskontroll (jf. kommunelova § 80) kan romme ulike formar for kontrollar, høvesvis eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskap. Det kan også bli gjennomført selskapskontrollar som kombinerer element frå dei to nemnte formane. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontroll og inneber å kontrollere korleis kommunen forvaltar sine eigarskap, medan forvaltningsrevisjon av selskap omhandlar ei vurdering av drifta i selskapet. Denne selskapskontrollen er ein kombinasjon av desse.

## 1.3 Om selskapet

Selskapskontroll av Grieghallen IKS er eit av prosjekta som blei prioritert i fylkeskommunen sin plan for selskapskontroll som gjeld for perioden 2016-2020. Selskapet blei stifta i juni 2013, og fylkeskommunen eig det saman med Bergen kommune (50 % kvar). Grieghallen IKS har som føremål å erverve, eige og leige ut Grieghallen til Grieghallen AS.

Ei av årsakene til at ein etablerte selskapet var for å skilje mellom kommersiell og ikkje-kommersiell drift i Grieghallen AS. Dette var naudsynt for å finne gode finansieringsløyisingar i byggeprosjektet «fornyng» av Grieghallen.

Grieghallen IKS eig bygget og leiger dette ut til Grieghallen AS.

Tabell 1: Nøkkeltal frå rekneskapan til Grieghallen IKS (tal i 1000 NOK). Kilde: Bisnode SmartCheck.

Nøkkeltal	2016	2015	2014
Sum driftsinntekter <sup>1</sup>	18291	19280	13994
Driftsresultat	5876	6795	5730
Eigenkapital	2194	2065	1981
Langsiktig gjeld	300161	313023	296295
Resultat før skatt <sup>2</sup>	129	85	287

Selskapet har ingen fast tilsette, men har leigd inn ein rådgjevar som dagleg leiar.

## 1.4 Føremål og problemstillingar

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Grieghallen IKS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt om selskapet har etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift. Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar:

<sup>1</sup> Totalinntekt.

<sup>2</sup> Ordinært resultat før skattekostnad/årsresultat

**Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:**

1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt eigne vedtak og rutinar?
  - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
  - b. I kva grad er det etablert ein selskapsavtale i samsvar med krav i regelverket?
  - c. Korleis har Hordaland fylkeskommune følgd opp selskapet, under dette mål og krav som eigarane har etablert for selskapet?
  - d. Kva krav har Hordaland fylkeskommune sett i høve garanti som er gjeve til selskapet?

**Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:**

2. Driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med lov om interkommunale selskap, selskapsavtalen og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?
3. Har selskapet etablert tilfredsstillande internkontroll tilpassa drifta i selskapet?
  - a. Kontrollmiljø (organisering, leiing, ansvarsdeling, samhandling)
  - b. Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreduserande tiltak)
  - c. Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)
  - d. Kommunikasjon og informasjon i verksemda
  - e. Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)
4. Har selskapet etablert system og rutinar som sikrar ei forsvarleg økonomisk drift?

## 2. Kontrollkriterium

### 2.1 Innleiing

Kontrollkriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og retningslinjer. Kontrollkriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i kontrollen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

### 2.2 Lov om interkommunale selskap

For interkommunalt selskap skal det opprettast ein skriftlig selskapsavtale. For dei enkelte deltakarane skal kommunestyret eller fylkestinget sjølv vedta avtalen. Selskapsavtalen skal i det minste angi følgjande:

1. selskapet sitt føretaksnamn
2. angiving av deltakarane;
3. selskapet sitt føremål;
4. den kommune der selskapet har sitt hovudkontor;
5. tal styremedlemmar;
6. deltakarane si innskotsplikt og plikt til å føreta andre ytingar ovanfor selskapet;
7. den enkelte deltakar sin eigardel i selskapet og den enkelte deltakar sin ansvarsdel i selskapet dersom denne avvik frå eigardelen;
8. tal medlemmar av representantskapet og kor mange medlemmar den enkelte deltakar oppnemnar;
9. anna som etter lov skal fastsettast i selskapsavtalen.

I følgje Lov om interkommunale selskap § 6 skal selskapet ha eit representantskap der alle deltakarane er representert med minst ein representant. Deltakarane vil, i følgje § 7, utøve si styring av selskapet gjennom representantskapet som er selskapet si øvste mynde.

Av § 7, andre ledd går det fram at det kan bli fastsett i selskapsavtalen at saker av ein viss art som elles ville høyre under styret må godkjennast av representantskapet. Kvar kommune vel sine representantar. Kvar representant har ei stemme med mindre anna er fastsett i selskapsavtalen (§ 9). Representantskapet vel styremedlemmar, og desse blir valt for to år med mindre anna er avtalt. Valperioden kan ikkje settast lengre enn fire år (§ 10).

Forvaltninga av selskapet ligg til selskapet sitt styre, som har ansvar for ei tilfredsstillande organisering av selskapet. Styret skal sjå til at verksemda blir drive i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet. Styret skal også sjå til at bokføringa og formueforvaltninga er gjenstand for forsvarleg kontroll (§ 13).

Selskapet skal ha ein dagleg leiar. Dagleg leiar er etter § 14 ansvarleg for den daglege leiinga av selskapet, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gjeve. Av § 20 går det fram at representantskapet ein gong årleg skal vedta selskapet sin økonomiplan. Denne skal bli lagt til grunn ved selskapet sitt budsjettarbeid og øvrige planleggingsarbeid.

### 2.3 KS sine anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll

Kommunesektorens organisasjon (KS) sitt eigarforum har utarbeidd eit sett med tilrådingar for korleis kommunane bør forvalte eigarskap, og kva system og rutinar kommunar bør etablere. Den siste oppdaterte versjonen (2015) inneheld 21 tema med tilhøyrande anbefalingar. Anbefalingane er knytt til områda:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
2. Vurdering og val av selskapsform
3. Fysisk skille mellom monopol og konkurranseverksemd
4. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.





Arkivnr: 2017/13386-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	128/17	29.11.2017

## Forvaltningsrevisjon innan "Arkivering og journalføring" - Status i arbeidet ved Deloitte

I samband med sak PS 82/17 i møte i kontrollutvalet 29.08.2017 vart dette protokollert:

### «Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen presenterte forslag til forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til prosjektplan vart samrøystes vedteke. Punkt 2 i forslag til vedtak går difor ut.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 28.02.2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.»

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil være å vurdere om Hordaland fylkeskommunen sine rutinar for offentlegheit og innsyn er i samsvar med aktuelle føresegner i lov- og regelverk, samt å vurdere system og rutinar for arkivering og journalføring i høve til gjeldande lover og regler.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål er det formulert følgjande problemstillingar:

1. **I kva grad har fylkeskommune utarbeidd prosedyrar og rutinar for arkivering, og journalføring av korrespondanse, dokument og saksførebuing i fylkeskommunen?**
  - a) Korleis har fylkeskommunen lagt til rette for at saksdokument kan arkiverast og journalførast i tråd med regelverket?
  - b) Har fylkeskommunen ein oppdatert arkivplan som oppfyller krava i regelverket?
  - c) Har fylkeskommunen rutinar for å sikre at inn- og utgåande dokument vert registrert i samsvar med krav i regelverket? Omfattar ev. system og rutinar for arkivering og journalføring at alle typar inn- og utgåande meldingar, og under dette særleg:
    - i. E-post sendt direkte til eller frå leiar/sakshandsamar
    - ii. Tekstmeldingar (SMS)
    - iii. Telefonsamtalar som har relevans for sakshandsaminga
  - d) Korleis sikrar fylkeskommunen at organinterne dokument vert registrerte i samsvar med regelverket?
    - i. I kva grad går det tydeleg fram av rutinane at organinterne dokument skal registrerast?
    - ii. I kva grad vert desse rutinane følgt?
2. **I kva grad har fylkeskommunen rutinar som sikrar offentlegheit i saksbehandlinga, og i kva grad utøver fylkeskommunen meirinnsyn?**
  - a) Følgjer den offentlege postlista krav i lov- og regelverk?
    - i. Er den offentleg postlista fullstendig?
    - ii. Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at postlista vert publisert utan unødig opphald?
  - b) Kva system og rutinar har fylkeskommunen etablert for at media og innbyggjarar skal få innsyn i samsvar med offentleglova?
    - i. Kva rutinar har fylkeskommunen for skjerming av informasjon i postlista?
    - ii. Vert dokument som er unntatt offentlegheit på postlistene vurdert etter prinsippet om meirinnsyn?
    - iii. Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at det vert gjennomført tilstrekkelege vurderingar av dokument og munnleg informasjon før ein unntek dokument frå offentlegheit?
    - iv. Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for handsaming av krav om innsyn i saksdokument, og i kva grad vert rutinane følgt?
  - c) Har fylkeskommunen system og rutinar for annonsering av politiske møte i tråd med lover og reglar?
  - d) Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at det vert gjennomført tilstrekkelege vurderingar før ein lukkar møte i folkevalde organ?
3. **I kva grad er dei tilsette og folkevalde i fylkeskommunen tilstrekkeleg kjent med system, rutinar og regelverk for arkivering og offentlegheit?**

Det er formulert slik avgrensing av dette prosjektet:

«Forvaltningsrevisjonen har avgrensa fokus til fylkeskommunen sitt aktive arkiv/daglegarkiv og sakshandsaming. Revisjonen vil derfor ikkje gjere undersøkingar knytt til bortsettingsarkiv eller arkivdepot. Vi vil ikkje undersøkje arkivering og journalføring i eventuelle elektroniske fagsystem der det føregår sakshandsaming, og heller ikkje gjere undersøkingar knytt til den fysiske sikringa av arkivet.»

Drøfting:

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2017/13387-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	129/17	29.11.2017

## Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring - Status i arbeid ved Deloitte

Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 110/17 i møte 30.10.2017:**

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring frå Deloitte AS, med utgangspunkt i justert forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i justert forslag til prosjektplan.*
3. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.*
4. *Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

**Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

*«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke i kva grad fylkeskommunen arbeider systematisk for å førebygge og redusere fråfall i vidaregåande opplæring. Under dette i kva grad årsaker til fråfall blir identifisert og i kva grad tiltak for å redusere fråfall blir sett i verk på både system- og individnivå.»*

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgende problemstillinger:

1. **I kva grad gjennomfører fylkeskommunen systematiske analyser av årsaker til fråfall i vidaregåande opplæring?**
  - a. Er det etablert føremålstenlege system for registrering og systematisering av sluttårsaker innanfor vidaregåande opplæring?
  - b. I kva grad blir det gjennomført analyser av årsaker til fråfall blant elevar i vidaregåande skule, og kva blir vurdert å vere dei viktigaste årsakene?
  - c. I kva grad blir det gjennomført analyser av årsaker til fråfall blant lærlingar, og kva blir vurdert å vere dei viktigaste årsakene?
  - d. I kva grad blir det gjort vurderingar av om det er variasjonar i årsakene til fråfall, til dømes knytt til geografi, avstand mellom heim og skule, studieprogram, skulestorleik, lærartettleik ved skulane, enkeltskular mv., og kva samanhengar er det eventuelt mogleg å sjå?
  
2. **I kva grad er det sett i verk føremålstenlege tiltak for å førebygge og redusere fråfall i vidaregåande opplæring?**
  - a. I kva grad er det sett i verk tiltak for å førebygge og redusere fråfall, og i kva grad er eventuelle tiltak basert på systematiske analyser av årsaker til fråfall?
  - b. I kva grad blir iverksette tiltak systematisk evaluert, for å vurdere om dei fungerer etter føremålet?
  - c. I kva grad blir erfaringsdeling og «beste praksis» systematisk nytta i arbeidet med etablering av tiltak for å redusere fråfall i vidaregåande opplæring?
  
3. **I kva grad er det etablert tilstrekkelege system for å følgje opp enkeltelevar eller lærlingar som er i faresonen for fråfall?**
  - a. I kva grad er det gitt felles føringar for korleis skulane, lærebedriftene og/eller andre aktuelle aktørar, skal identifisere og følgje opp elevar eller lærlingar som er i faresonen for fråfall?
  - b. I kva grad er det ei tydeleg ansvarsdeling når det gjeld oppfølging og tiltak ovanfor elevar i vidaregåande opplæring som blir vurdert å vere i faresonen for fråfall?
  - c. I kva grad er det ei tydeleg ansvarsdeling når det gjeld oppfølging og tiltak ovanfor lærlingar som blir vurdert å vere i faresonen for fråfall?
  - d. I kva grad blir retningsliner for identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar som er i faresonen for fråfall følgt opp i praksis?
  - e. I kva grad er det etablert system for å evaluere om oppfølginga og dei ulike tilboda som oppfølgingstenesta (OT) tilbyr elevar/lærlingar i faresonen for fråfall, fungerer etter føremålet og bidrar til å redusere fråfallet?

**Det er formulert slik avgrensing av dette prosjektet:**

«Forvaltningsrevisjonen vil vere avgrensa til å omhandle arbeidet med førebygging og reduksjon av fråfall ved dei fylkeskommunale vidaregåande skulane i Hordaland, og private vidaregåande skular vil såleis ikkje vere omfatta av undersøkinga. I den grad fylkeskommunale tenester, som OT/PPT, også har oppgåver retta mot private skular og elevar ved private skuler, kan det likevel vere aktuelt i nokon grad også å omtale arbeidet med førebygging av fråfall ved private vidaregåande skular.»

Drøfting:

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

**Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/8847-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	130/17	29.11.2017

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar

### Bakgrunn for saka:

#### **Forvaltningsrevisjonsrapport innan regionale utviklingsmidlar vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det vart gjort slikt vedtak:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjonar, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynde blir formalisert.
2. Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, under dette at midlane ikkje blir nytta til drift av næringsverksemd eller organisasjonar.
3. Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane inneheld informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.
4. Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.
5. Vurderer å tydeleggjere og formalisere sakshandsamingsrutinane ytterlegare, samt etablere kontrollmekanismer i sakshandsaminga for å sikre at krav i regelverk og interne rutinar blir etterlevd i praksis
6. Sikre at all kommunikasjon med søkjarar, som har betydning for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.
7. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

#### **Handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over vart handsama i fylkestinget 04.10.2016 og innstillinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.**

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

**På bakgrunn av dette er det naturleg at også kontrollutvalet handsamer denne handlingsplanen. Slik praksis har også vore vanleg i oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonar.**

**Handlingsplanen vart difor handsama i møte i kontrollutvalet 20.10.2016 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune.*
2. *På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av januar 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.1.2017.*

**På bakgrunn av punkt 2 i vedtaket over handsama i møte i kontrollutvalet 13.02.2017 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på den motekne statusrapporten i høve forbetningsarbeidet når det gjeld forvaltningsrevisjon innan regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune. Av tilbakemeldinga går det fram at fleire av forbetningspunktene er ferdig gjennomført, men at det samstundes gjenstår ein del arbeid før alt er på plass. Utvalet har m.a. merka oss at politisk sak om partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar skal handsamast i fylkesutvalet 22.2.17.*
2. *På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.8.2017.*

Drøfting:

**Vi har no motteke svar frå fylkesrådmannen dagsett 20.08.2017 i tråd med punkt 2 over. Svaret ligg ved.**

Sekretariatet ser positivt på det omfattande forbetningsarbeidet som er gjennomført i samband med oppfølging av forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av den mottekte tilbakemeldinga vert det registrert at det meste av forbetningsarbeidet er ferdig gjennomført.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram av svaret frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon – regionale utviklingsmidlar vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med svaret og seier seg ferdig med saka.



**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon – regionale utviklingsmidlar og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Status på oppfølging av forvaltningsrevisjon, Regionale utviklingsmidlar
- 2 Oppretting av søknadsbasert ordning for næringsretta partnerskapsmidlar

**Notat**Dato: 20.08.2017  
Arkivsak: 2016/8763-3  
Saksbehandlar: josfare

---

<b>Til:</b>	Kontrollutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Status på oppfølging av forvaltingsrevisjon, Regionale utviklingsmidlar**

Kontrollutvalet har bedt om ny status på oppfølginga av handlingsplanen som vart utarbeidd på bakgrunn av forvaltingsrevisjonen for Regionale utviklingsmidlar.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møte 13.02.2017:

1. Kontrollutvalet ser positivt på den motekne statusrapporten i høve forbetningsarbeidet når det gjeld forvaltningsrevisjon innan regionale utviklingsmidlar i Hordaland fylkeskommune. Av tilbakemeldinga går det fram at fleire av forbetningspunkta er ferdig gjennomført, men at det samstundes gjenstår ein del arbeid før alt er på plass. Utvalet har m.a. merka seg at politisk sak om partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar skal handsamast i fylkesutvalet 22.2.17.
2. På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.8.2017.

Regionalavdelinga ved Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling har innarbeidd oppfølgingspunkta frå revisjonen i inneverande år.

Tildelingsbrevet frå Kommunal og moderniseringsdepartementet for 2017 presenterte endringar i målstruktur og virkeområde, og har fått innverknad på forvaltninga av midlar i 2017. Departementet har òg sett i gang eit arbeid med å utforme tydelegare indikatorar for bruk av Regionale utviklingsmidlar i fylkeskommunane. Dette arbeidet er Hordaland fylkeskommune påkopla, og resultatata frå arbeidet vil verte førande for tildelingar av midlar når dette er klart.

Me gjev her status på alle punkta i handlingsplanen gjeldande oppfølging av revisjonen, uavhengig av om det vart rapportert på ved førre statusrapport til Kontrollutvalet.

Handlingsplanen ligg til slutt i denne saka.

1. DELGASJONSREGLEMENT – Fylkestinget vedtok Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune desember 2016. Her er det gjevne Fylkesutvalget følgjande mynde:
  - Fylkesutvalet har det daglege samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning innan fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

- Fylkesutvalet har ansvar for næringspolitiske saker og saker som gjeld regional utvikling. Fylkesutvalet har ansvar for enkeltsaker som gjeld fylkeskommunen si daglege drift så langt dei ikkje er lagt til anna organ.

I Delegasjonsreglementet under Fylkesutvalget sine oppgåver kap 2, står det følgande under 2.1. Saker der utvalet tek avgjerd:

2.1.5. Tilskot til og fordeling av midlar til næringsføremål:

- tilskotssaker vedkomande regional næringsutvikling.
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål.

Gjennom Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune har fylkestinget delegert fullmakter til politiske organ og til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen sine fullmakter er nedfelt i delegasjonsreglementet slik:

- del B. Delegasjon til fylkesrådmannen
- del C. Delegasjon etter særlov
- del D. Delegasjon på vegsektoren

Vil politiske organ delegera mynde til administrasjonen, må det gjerast til fylkesrådmannen som leiar for administrasjonen.

Fylkesrådmannen har tydeleggjort delegert mynde ut i HFK i eit eige fullmaktsreglementet. Der har fylkesrådmannen under «Generell delegasjon» bl.a. teke inn fullmakter innan økonomi.

Delegert mynde frå fylkesrådmannen skal nyttast i samsvar med reglar om sakshandsaming som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsikk, og må liggja innan plan- og budsjetttrammer som er vedtekte av fylkestinget eller anna overordna fylkeskommunalt organ.

Krava til forsvarleg saksbehandling og dokumentasjon av saksbehandlninga er ikkje endra sjølv om myndet til å ta avgjerd er delegert til eit lågare nivå i administrasjonen.

Delegert mynde i dette reglementet kan ikkje vidaredelegerast med mindre det går fram av fullmaktsreglementet at vidaredelegering er tillate.

I fullmaktreglementet knytt til Reglementet for finansforvaltning (økonomireglementet pkt. 2) står det følgande:

*Fylkesdirektør økonomi og organisasjon har fullmakt til å vedta mindre budsjettendringar som ikkje er prinsipielle. Denne fullmakta gjeld heile budsjettet.*

*Fylkesdirektørane, eigedomsdirektøren og direktøren for Bybanen Utbygging har innafor sine budsjettområde fullmakt til å vedta mindre budsjettendringar som ikkje er prinsipielle. I denne fullmaktssamanhengen vert budsjettendring definert som budsjettmessig overføring av midlar frå ein organisasjonsstad til ein annan. Denne fullmakta kan vidaredelegerast.*

- a) KMD-reglement: På seksjonsmøte i november 2016 vart «forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler» gjennomgått, og trykt opp til alle sakshandsamarane. Denne forskrifta er revidert og har kome med mindre justeringar gjeldande frå 1. januar 2017. Endringane er knytt til dei nye føringane for bruken av Regionale utviklingsmidlar frå KMD, og er innarbeidd i seksjonen sitt arbeid.

I tillegg tar seksjonen jamleg opp oversikt av nytta midlar på seksjonsmøta, kor føringane for kva geografiske område midlane kan nyttast i vert repetert.

- b) Fylkesutvalet i møte 22.02.2017 handsama tildeling av partnerskapsmidlar til regionale utviklingsaktørar for 2017. I denne saka fordelte Fylkesutvalet kr 15 297 000 til totalt 18 aktørar.

I møte 30.03.2017 fordelte Fylkesutvalet ytterlegare kr 1 350 000 til 8 aktørar som er del av nasjonale klyngeprogram.

Fylkesutvalet vedtok i møte 23.05.2017 å opprette ei søknadsbasert ordning for næringsretta partnerskapsmidlar for perioden 2018-2020. Denne ordninga vil ta innover seg alle merknadar frå forvaltingsrevisjonen, ved at alle aktuelle aktørar no må søke på det same grunnlaget samstundes. Hordaland fylkeskommune har hatt mykje merksemd på å gjere denne ordninga kjent for alle relevante aktørar.

Den søknadsbaserte ordninga har søknadsfrist 3. september, og tildeling for 2018 vil verte fremja i samband med Fylkesbudsjett 2018.

Den politiske saka er vedlagt.

3. HFK ved Seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling har sett ned ei intern gruppe som skal styrke seksjonen på kommunikasjon. Vidare oppdaterer seksjonen teksten på nettsidene knytt til støtteordningane kontinuerleg, slik at denne til ei kvar tid er relevant. Ein vil vidare freiste å nytte mellom anna fylkeskommunen sine kanalar i sosiale mediar for å nå breitt ut til alle relevante søkerar. Ved spesifikke utlysingar nyttast også epostlister til mellom anna kommunar og nettverksaktørar, for å få spreidd informasjonen til så mange som mogleg. I samband med kunngjeringar av dei ulike støtteordningane freistar seksjonen å samordne fleire støtteordningar, slik at fylkeskommunen sine tilbod vert via større plass i regionale mediar.
4. Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2017 er det viktigaste verktøyet for tildelingskriterium. Vidare gjev den nye målstrukturen til KMD føringar for kva prosjekt som skal støttast. Klima og folkehelse er for 2017 innarbeidd i handlingsprogrammet, slik at dette er ein del av vurderingsgrunnlaget for prosjekta.

I november 2016 lyste fylkeskommunen ut midlar til regionsenter- og tettstadutvikling, med klare føringar for at det var kommunar som skulle søke, og kva prosjekt som skulle støttast, og med ein satt søknadsfrist. Det kom inn 13 søknadar til fristen. Denne utlysinga gav gode erfaringar som seksjonen tar med seg i forvaltninga av midlar i 2017 og framover.

For den søknadsbaserte ordninga for næringsretta partnerskapsmidlar er følgjande kriterier vedtatt av Fylkesutvalet:

Fylkesutvalet vedtar at vurdering av partnerskapsmidlar skal gjerast opp mot følgjande kriterier knytt til prioriterte aktørar:

- a) Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringar og/eller vekst i eksisterande bedrifter.
- b) Aktøren samlar og styrkar innovasjons- og/eller entreprenørskapsarbeidet i ein større del av fylket/region. Aktøren famnar over minst to kommunar.
- c) Aktøren har innsatsen retta mot område/regionar med høg eller vekst i arbeidsløysa.

I tillegg kan følgjande punkt vere relevant å drøfte i særskilte tilfelle:

- d) Aktørar med lite anna offentleg støtte kan verte støtta i særskilte tilfelle, uavhengig av arbeidet med entreprenørskap og innovasjon
- e) Aktørar som vert finansiert saman med andre fylkeskommunar, må også vurderast opp mot dei andre fylkeskommunane sine prioriteringar.

5. Dokumentet «Sakshandsaming i RF 13.50 – interne rutinar» er oppdatert 13. november 2016, slik at mellom anna oppskrift på «Svar ut» i Ephorte er kome med. Dokumentet er også forsøkt forenkla

noko, og er gjort tilgjengeleg for alle sakshandsamarar. Dokumentet er særleg nyttig i opplæringa av nyttilsette.

b) Hordaland fylkeskommune har kontinuerleg dialog med KMD gjeldande sakshandsamingsverktøyet RF13.50, og vil aktivt arbeide vidare for å få inn vurdering av habilitet i verktøyet. KMD ser no på moglege løysingar for å få habilitetsvurdering inn i sakshandsamingsverktøyet frå hausten 2017.

6. 17. januar 2017 var leiar på Dokumentsenteret i Hordaland fylkeskommune, Evy Bakke, til stades på seksjonsmøte i fagseksjonen for å gje kompetansepåfyll gjeldande arkivverdig informasjon og bruk av Ephorte. Viktige paragrafar i Arkivlova vart gjennomgått, og det vart vist til gode grep for å arkivere telefonsamtalar og møter i Ephorte. Seksjonen har dialog med Fylkessekretariatet for å få tilsvarande kompetansepåfyll kring mellom anna Offentlegheitslova og Forvaltingslova.

7. Den prioriterte handlingsplan følgjer under:

Oppfølgingspunkt	Handling	Ansvar	Frist
<b>1.Delegasjonsreglement</b>	Kontrollere/oppdatere fylkeskommunen sitt delegasjonsreglement	Organisasjons-avdelinga	Fylkestinget desember
<b>2. KMD- reglement: Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidler blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, inkludert driftstøtte.</b>	<p>a) Syte for at alle sakshandsamarar har god kjennskap til «forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidler», gjennom å setje det som tema på seksjonsmøte.</p> <p>b) Det vert lagt fram eigne saker til fylkesutvalet om støtte til aktørar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram, og om organisasjonar som fylkeskommunen gjer driftstøtte til. Begge desse sakene vil vurdere tilhøve til forskrift og retningsliner frå KMD.</p>	Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	<p>a) 1. oktober</p> <p>b) FUV 20. oktober og januar 2017</p>



		(dokumentsenteret).	
<b>8. Lage ein prioritert handlingsplan for å følgje opp tilrådingane i rapporten</b>	Dette dokumentet	Regionalavdelinga ved Seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling	1. september, og dei gjevne fristane for oppfølging



Arkivnr: 2017/4053-1  
Saksbehandlar: Jostein Farestveit

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017

## Oppretting av søknadsbasert ordning for næringsretta partnerskapsmidlar

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har i ei rekke år støtta organisasjonar og tiltak som har vorte vurdert som strategisk viktige for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i Hordaland.

Fylkeskommunen løyver årleg partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar etter vedtak i Fylkesutvalet.

Gjeldande forvaltingspraksis for midlane vart vedteke i 2013 og har trong for revisjon. Reduksjon i fylkeskommunen sine eigne budsjett til regional utvikling, og nedtrekk og endringar i målstrukturen for statlege Regionale utviklingsmidlar dei siste åra, gjer at midlane er lite føreseielege for aktørane som vert løyvd slik støtte.

Forvaltingsrevisjonen som vart gjennomført for Regionale utviklingsmidlar i 2016 peika òg på uklare retningslinjer for tildeling av partnerskapsmidlar, særleg med omsyn til utlysing av midlane.

Denne saka fremjar forslag til korleis midlar til næringsretta partnerskap skal forvaltast for 2018 og framover.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar med utgangspunkt i Regional planstrategi 2016-2020 og Regional næringsplan 2013-2017 reviderte retningslinjer for Næringsretta partnerskapsmidlar med verknad frå 2018.
2. Fylkesutvalet vedtar følgjande framdrift for tildeling av midlar:
  - Juni 2017: Fylkeskommunen lyser ut partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar
  - August/september: søknadsfrist
  - Oktober 2017: Innstilling om tildeling vert fremja i fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett 2018
  - Desember 2017: Fylkestinget vedtar kva aktørar som skal løyvast næringsretta partnerskapsmidlar for 2018, med intensjon om støtte for tre år.
3. Fylkesutvalet vedtar at vurdering av partnerskapsmidlar skal gjerast opp mot følgjande kriterier knytt til prioriterte aktørar:
  - a) Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringar og/eller vekst i eksisterande bedrifter.
  - b) Aktøren samlar og styrkar innovasjons- og/eller entreprenørskapsarbeidet i ein større del av fylket/region. Aktøren famnar over minst to kommunar.
  - c) Aktøren har innsatsen retta mot område/regionar med høg eller vekst i arbeidsløysa.



4. I tillegg kan følgende punkt vere relevant å drøfte i særskilte tilfelle:

Aktører med lite anna offentleg støtte kan verte støtta i særskilte tilfelle, uavhengig av arbeidet med entreprenørskap og innovasjon

Aktører som vert finansiert saman med andre fylkeskommunar, må også vurderast opp mot dei andre fylkeskommunane sine prioriteringar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 05.05.2017

### 1. Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok i august 2013 gjeldande retningslinjer og forvaltningspraksis for næringsretta utviklingsaktørar (PS 199/2013). Med dette som bakgrunn fremjar fylkesrådmannen ei årleg sak til Fylkesutvalet med vurdering av aktørar som skal løyvast slik støtte.

Fylkeskommunen har i ei rekke år støtta organisasjonar og tiltak som har vorte vurdert som strategisk viktige for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i Hordaland.

Fylkesrådmannen ser no trong for ein revisjon av denne forvaltningspraksisen, mellom anna med bakgrunn i forvaltningsrevisjonen for Regionale utviklingsmidlar som vart gjennomført i 2016, og utfordringa med endra målstruktur for dei statlege Regionale utviklingsmidlane.

Saka er ei oppfølging av vedtak 3 som Fylkesutvalet fatta i PS 45/2017, gjeldande tildeling av partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar:

*3. Ordninga med næringsretta partnerskapsmidlar vert gjennomgått av fylkesrådmann og eit framlegg til ei søknadsbasert ordning vert fremja til politisk handsaming våren 2017.*

#### 1.1 Forvaltningspraksis frå 2013

PS 199/2013 vart utarbeidd på bakgrunn av at det var ulik forvaltningspraksis mellom næringsretta aktørar som vart løyvt mellombelse driftstilskott frå fylkeskommunen.

Medan aktørar som vart løyvd driftstilskott over fylkeskommunen sitt budsjett fekk dette vedtatt i budsjetthandsaminga til fylkeskommunen, vart aktørar som fekk løyvd driftstilskott over Regionalt utviklingsprogram (no Handlingsprogram for næringsutvikling, HNH) handsama administrativt, etter at den årlege tildelinga til regional utvikling frå KRD var gjort.

Fylkesutvalet vedtok at all tildeling av driftstilskott skulle gjerast av fylkesutvalet. Budsjettposten «Mellombelse driftstilskott» vart gjeve nytt namn «Næringsretta partnerskapsmidlar» og alle aktørar som dei komande åra skulle verte løyvd partnerskapsmidlar skulle vurderast opp mot følgjande kriterier:

- a) Aktørane skal gjennom definerte aktivitetar og tiltak medverke til å oppfylle mål og prioriterte innsatsområde i regional næringsplan, regionalt utviklingsprogram og eventuelle vedteknede næringsretta strategiar på det aktuelle feltet.
- b) Er fylkeskommunal støtte avgjerande for eksistensen for samarbeidsaktørane, eventuelt for dei aktivitetane fylkeskommunen ønskjer å styrke
- c) Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre samarbeid og fagleg koordinering av innsatsen i høve til andre aktørar med same eller tilgrensande arbeidsfelt/fagområde
- d) Vil fylkeskommunal støtte medverke til betre ressursutnytting gjennom fysisk same lokalisering, felles kontor etc.
- e) For prosjekt og einingar under nasjonale næringsutviklingsprogram blir det i tillegg lagt inn som eit prioriteringskriterium om fylkeskommunale midlar vil ha ein utløysande effekt ved etablering eller medverke til monaleg høgare aktivitetsnivå. Dette skal også gjelde regionale tiltak og einingar med tilsvarende formål, men som ikkje er med i nasjonale program.

Vidare vart følgjande forvaltningsregime vedtatt:

- a) Alle saker om fleirårige samarbeidsavtaler og støtte skal handsamast av fylkesutvalet
- b) Avtalane skal vere tidsavgrensa til ein periode på 3 år, men kan i tilfelle der det er særlege grunnar for det gjelde for inntil 5 år. I ei sak om vidareføring for ein ny periode skal samarbeidet vurderast i høve til inngått avtale og til punkta over.
- c) Moglegheita for finansiering av ein aktør over RUP budsjettet for ein periode på 3 til 5 år skal normalt nyttast før ein eventuelt fremmer forslag om overføring til budsjettposten Mellombelse driftstilskott. Aktørar som blir finansiert over Mellombelse driftstilskott skal normalt ikkje overførast til RUP budsjettet, sjølv om omfanget av samarbeidet blir justert/endra.

- d) Fylkeskommunal støtte til aktører under ordningar i regi av nasjonale virkemiddelaktørane skal skje frå RUP-budsjettet, også utover ein periode på 5 år, dersom ikkje særskilte forhold talar for noko anna. Der dette er mogleg, vil dette også gjelde andre regionale aktører med tilsvarande føremål og organisering, men som av ulike grunner ikkje er med i ei ordning under dei nasjonale virkemiddelaktørane.
- e) Saker om vidareføring a samarbeid må vere avgjort så tidleg på året at ei eventuell vidareføring av samarbeidet kan innarbeidast i budsjettet for året etter.

## 2. Gjeldande forvaltingspraksis - utfordringar

### 2.1 Endring i økonomiske rammer

Gjeldande forvaltingspraksis har fungert godt gjennom perioden. Fylkesutvalet har årleg vedteke kva aktører som skal tildelast støtte, på bakgrunn av gjevne aktivitetar knytt til Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland. Aktørane har inngått partnerskapsavtalar med fylkeskommunen knytt til midlane, kor ein har konkretisert aktivitetar, tidslengd og støttebeløp.

Det har vore ei klar deling mellom dei to finansieringspostane

- Fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar»
- «HNN – statlege overføringer»

Dei siste åra har likevel mindre føreseielegheit, både for midlar løyvd over fylkesbudsjettet, og over Statsbudsjettet til regional utvikling, gjeve utfordringar med å oppretthalde dei vedtekte støttenivåa til dei ulike aktørane.

Fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar» har vorte gradvis redusert frå 2012 og fram til i dag, med 3 millionar kroner.

Budsjettpost «HNN-statlege overføringer» har sidan 2013 hatt følgjande utvikling:

Mill kr	2013	2014	2015	2016	2017
<b>HNN- statlege overføringer</b>	72,7	60,7	56,8	47,3	58,1

Frå og med 2017 har dei statlege overføringane også fått ei sterkare målstyring, som gjer mindre rom for å nytte midlar til næringsretta partnerskap i heile fylket.

I tildelingsbrevet til fylkeskommunen er det klare føringar for kva desse midlane skal nyttast til:

- Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta kr 23 560 000 (Vert årleg overført til Innovasjon Noreg som midlar direkte til bedrifter)
- Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særskilte distriktsutfordringar kr 18 540 000 (Ref PS 86/2017)
- Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse kr 7 000 000
- Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga kr 9 000 000

Fylkesutvalet vedtok i PS 86/2017, *Bruk av regionale utviklingsmidlar i kommunar med særskilte distriktsutfordringar*, at midlane knytt til inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særskilte distriktsutfordringar, kan nyttast i eit større geografisk område. Vedtaket gjev fylkeskommunen noko større handlingsrom, men aktørar i Bergen og omegnskommunane kan ikkje løyvaste midlar frå denne budsjettposten.

I praksis betyr dette at den største delen av eventuelle midlar til næringsretta partnerskap over budsjettpost «HNN-statlege overføringer» må takast av dei kr 7 mill, då desse kan nyttast i kommunar i heile fylket. Dette vil gje fylkeskommunen lite rom for å støtte næringsutviklingsprosjekt og tiltak i Bergensregionen, og å oppfylle dei måla Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sett for midlane.

«HNH statlege overføringar» er regulert av «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler» som seier at midlane i skal ha utløyssande effekt på prosjekt og tiltak, og ikkje nyttast til drift av organisasjonar, med nokre unntak.

*«Unntak er tilskudd under programmer eller ordningar i regi av de nasjonale virkemiddelaktørene, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Ungt entreprenørskap og Merkur, der støtte kan gis i tråd med programmenes/tiltakens varighet»*

Fylkeskommunen har difor rom for å støtte nokre av dei næringsretta partnarane lokalisert utanfor Bergensregionen over budsjettpost «HNH statlege overføringar», men i mindre grad enn tidlegare år.

Den nye målstrukturen medførte at framføre budsjetthandsaminga for 2017, fekk alle næringsretta aktørar som mottar partnarskapsmidlar frå fylkeskommunen, brev om at støtta for 2017 kunne verte redusert eller terminert.

Det er òg utfordrande at i 2017 er det to aktørar som samla mottar halvparten av midlane over budsjettposten «Næringsretta partnarskapsmidlar», Bergen Vitensenter AS og Fjord Norge AS.

Fylkeskommunen klarte gjennom bruk av unytta midlar frå tidlegare år, også i 2017 å tildele midlar til alle aktørane som Fylkesutvalet vedtok å støtte. Dette vil ikkje vere ei berekraftig forvaltning over fleire år, med eit stadig strammare budsjett.

Fylkesrådmannen vert difor i si innstilling om fordeling av næringsretta partnarskapsmidlar for 2018 nøydd til å gjere vesentlege prioriteringar, om ikkje den fylkeskommunale budsjetttramma vert styrka.

## *2.2 Utfordringar med det noverande forvaltingsregimet.*

Gjeldande forvaltingsregime legg opp til at næringsretta partnarskapsaktørar i ein utviklingsfase skal finansierast over budsjettpost «HNH-statlege overføringar» for så etter 3-5 år å eventuelt overførast til fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnarskapsmidlar». I perioden 2013-2017 har særst få aktørar vorte tatt ut av budsjettet, medan regimet legg opp til at stadig fleire aktørar skal inn på fylkeskommunen sitt budsjett.

Praksisen har medført at fleire av partnarane over tid har fått reduserte rammer, men få aktørar har vorte tatt ut av ordninga. Med føremål om å fremje sterke samarbeidspartnarar, er dette ei lite berekraftig løysing for dei komande tre åra.

## *2.3 Forvaltingsrevisjonen for regionale utviklingsmidlar*

Forvaltingsrevisjonen som vart gjennomført for Regionale utviklingsmidlar i 2016 peika òg på nokre svakheitar ved ordninga med partnarskapsmidlar som fylkesrådmann no legg opp til å forbetre. Det er særskilt tre punkt fylkesrådmannen har merka seg:

- Det er ikkje klare nok rutinar for korleis nye aktørar søker om å få tildelt partnarskapsmidlar
- Det er uklarheiter rundt dei ulike støttenivåa til aktørane.
- Revisjonen stilte òg spørsmålsteikn ved om dei Regionale utviklingsmidlane kan nyttast til partnarskapsmidlar i så stor grad som har vore tilfellet tidlegare.

## *2.4 Føreseielege tildelingar for aktørane*

Fylkesrådmannen ser òg utfordringar med at den politiske saka om tildeling av næringsretta partnarskapsmidlar vert handsama av Fylkesutvalet etter at fylkeskommunen sitt budsjett er vedteke. Dette er vorte gjort då tildelingsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjeldande Regionale utviklingsmidlar ikkje brukar å vere klart før januar inneverande år.

Aktørar som mottar partnarskapsmidlar frå fylkeskommunen peikar på at ordninga treng å vere føreseieleg og at vedtak om støtte bør kome tildegare enn det som har vore praksis dei siste åra.

Fylkesrådmann vil med ei omlegging av støtteordninga, fremje si innstilling om næringsretta partnerskapsmidlar i samband med fylkesrådmannen si innstilling til budsjett 2018. Dette vil vere uavhengig av kva budsjettpost den eventuelle næringsretta partnaren vert løyvd midlar frå.

### **3. Forslag til ny ordning for næringsretta partnerskapsmidlar for 2018**

Fylkesrådmann vil legge om ordninga frå og med 2018, slik at alle aktuelle aktørar no må søke om å verte tildelt partnerskapsmidlar samstundes, og på det same grunnlaget.

Dersom det ikkje er særskilte gode grunnar, ser fylkesrådmann for seg at aktørane kan søke om årleg støtte frå fylkeskommunen på inntil kr 1 mill.

Fylkesrådmann sitt forslag til handsaming av næringsretta partnerskapsmidlar vil sjå slik ut:

- Juni 2017: Fylkeskommunen lyser ut partnerskapsmidlar til næringsretta utviklingsaktørar basert på vedtak i denne saka.
- August/september: Søknadsfrist
- Oktober 2017: Innstilling om tildeling basert på tildelingskriteria i denne saka vert fremja i Fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett 2018
- Desember 2017: Fylkestinget vedtar kva aktørar som skal løyvast næringsretta partnerskapsmidlar for 2018, med intensjon om støtte for tre år.
- Dette inneber at alle aktørar som mottar næringsretta partnerskapsmidlar i 2017 vil måtte søkje om slik støtte frå 2018, og at eventuelle nye aktørar vil ha mogelegheit til å søkje. Fylkesrådmann understrekar at alle gjeldande partnerskapsavtalar går ut etter 2017, slik at ingen gjeldande avtalar treng terminerast grunna denne endringa.
- Fylkesrådmann rår til at det vert vedteke støtte for tre år, slik at dei aktuelle aktørane kan planlegge langsiktig. Tildelingane må ta høgde for budsjettendringar ved den årlege handsaminga av budsjett i Fylkestinget.
- Det vert i treårsperioden ikkje lagt opp til ei årleg utlysing.
- Nye aktørar som vert etablert i treårsperioden, som kan vere relevante for næringsretta partnerskapsmidlar, vert vurdert støtta over budsjettpost «HNN statlege overføringar» gjennom egne saker til Fylkesutvalet.

### **4. Aktørar som mottar støtte i 2017**

I 2017 mottar totalt 30 aktørar næringsretta partnerskapsmidlar (Tildelinga til Regionråda er delt på fem regionråd), fordelt på to budsjettpostar.

Aktørane som mottar slik støtte skal gjennom konkrete partnerskapsavtalar oppfylle mål og prioriterte innsatsområde i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

Dei største løyvingane vert gjort over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnerskapsmidlar, som i 2017 er på kr 12 298 000.

**Oversikt over støtte frå budsjettposten "Næringsretta partnerskapsmidlar" (Tal i heile 1000 kr)**

<b>Organisasjon</b>	<b>Løyving</b>
Fjord Norge	3 000
Reiseliv: Fellesoppgåver	1 010
Western Norway Film Commission	500
Regionråda i Hordaland	1 012
Mediefondet Zefyr AS	900
Maritimt forum Bergensregionen	450
Design Region Bergen	450
Nordiske mediedager	200
HOG Energi	750
Impact Hub Bergen	526
Connect Vest	500
Bergen Vitensenter AS	3 000
<b>Samla løyving</b>	<b>12 298</b>

Fylkesrådmann styrka i 2017 ramma med kr 200 000 med midlar frå budsjettpost «HNN-fylkesmidlar» for å sikre tildeling til dei aktørane Fylkesutvalet vedtok å støtte.

I tillegg fatta Fylkesutvalet i møte 30.03.2017, i PS 85/2017, følgjande vedtak:

*Kr 500 000 vert løyvd Bergen Vitensenter AS øyremerkt til vidaregåande skular sin bruk av senteret. Midlane vert løyvd gjennom fylkesutvalet sin rådveldekonto.*

Samla løyving til næringsretta partnarar over fylkeskommunen sitt budsjett i 2017 vart slik kr 12 798 000.

I tillegg har partnarar som er med i nasjonale næringsutviklingsprogram, og aktørar som er vurdert å vere i ein oppstartsfase fått støtte over budsjettpost «HNN- statlege overføringar».

For 2017 får følgjande aktørar midlar over budsjettpost «HNN statlege overføringar».

**Aktørar med støtte over "HNN statlege overføringar" (Støtte i heile 1000 kr)**

<b>Organisasjon</b>	<b>Løyving</b>
Atheno	683
Industriutvikling Vest	683
Nyskapingsparken Inkubator	683
Ungt Entreprenørskap	400
Mediaregion Bergen	350
Matarena AS	200
Næringshagen i Hardanger	100
Næringshagen i Gulen og Masfjorden	50
Næringshagen på Voss	100
Nordhordland næringshage	100
NCE Seafood Innovation Cluster	250
NCE Maritime Clean Tech	200
NCE Media	200
GCE Subsea	350
NCE Toursim	150
<b>Samla løyving</b>	<b>4 499</b>

## 5. Langsiktige mål for næringsutvikling i Hordaland

Med utgangspunkt i tildelte rammer har fylkesrådmann behov for spissare tildelingskriterier frå 2018, for å kunne prioritere aktuelle aktørar opp mot gjeldande mål for regional utvikling. Det er særskilt to vedtekne planar som er førande for arbeidet med næringsutvikling i Hordaland.

### 5.1 Regional Planstrategi 2016-2020

Regional Planstrategi 2016-2020 har følgjande hovudmål:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Det er særskilt målet om høg sysselsetting som er relevant for arbeidet med næringsutvikling i Hordaland. Hovudmålet har følgjande strategiar:

1. Auke nyetablering og framtidretta verdiskaping i næringslivet
2. Betre samhandling innan utdanningssektoren og regionalt arbeidsliv
3. Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

### 5.2 Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Regional næringsplan har følgjande overordna mål:

- Fleire innovative verksemdar som betre nyttar moglegheiter i marknadane
- Større del av gründerar som etablerer berekraftige vekstverksemdar
- Fleire innovative næringsmiljø, der verksemdene samarbeider tettare seg imellom og med FoU-miljøa og deira internasjonale kontaktnett
- Verkemiddelaktørar som enno betre stør opp om berekraftige verksemdar og næringsmiljø
- Teke naudsynte politiske avgjersler om (nærings-) areal. Utbyggingsmønster og transport som gjev grunnlag for ein berekraftig og konkurransedyktig bergensregion
- Fleire døme på meir attraktive tenestetilbod og vekstkraft i næringslivet i regionale senter.

Med utgangspunkt i desse måla er følgjande hovudstrategiar utarbeidd:

1. Meir entreprenørskap og innovasjon
2. Fleire med meir relevant kompetanse
3. Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter

### 5.3 Utfordringar i Hordaland

Den utfordrande situasjonen i petroleumsnæringa har skapt trong for regional innsats for å redusere utfordringane knytt til arbeidsløyse og permisjonar. Frå april 2016 til april 2017 auka arbeidsløysa i Hordaland med to prosent. I same periode fall arbeidsløysa på landsbasis med fire prosent.

Fylkesrådmann vurderer at å styrke miljø som fremjar entreprenørskap og innovasjon og vekst i eksisterande verksemdar vil vere ein god måte å supplere det eksisterande omstillingsarbeidet i Hordaland på.

### 5.4 Fylkesrådmann si vurdering av mål opp mot ulike finansieringskjelder

Fylkeskommunen har fleire finansieringskjelder for å nå dei vedtekne måla. Det vil likevel vere ein styrke om budsjettposten «Næringsretta partnerskap» nyttast til det primære formålet.

Fylkesrådmann vurderer dette til å vere innan Regional planstrategi sin strategi om auka nyetableringar og framtidretta verdiskaping i næringslivet, og under måla i Regional næringsplan knytt til meir entreprenørskap og meir innovasjon.

For strategiane knytt til kompetanse både i Regional planstrategi og Regional næringsplan, vil ein kunne nytte av budsjettpost «HNN-statlege overføringar» for dei midlane som skal medverke til velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse.

På same måte vil ein kunne nytte budsjettpost «HNH-statlege overføringar» og midlane øyremerka inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særskilte distriktsutfordringar, til utvikling av lokalsamfunn og regionale senter.

Fylkesrådmann rår til at budsjettpost «Næringsretta partnerskap» i hovudsak vert nytta til å fremje nyetableringar, innovasjon i eksisterande verksemder og framtidsretta verdiskaping i næringslivet. Sterke klynger og næringsmiljø med stort regionalt nedslagsfelt, er gjerne etablert i Bergensregionen, og med dei gjevne føringane for «HNH-statelege overføringar» vil denne budsjettposten ha mindre handlingsrom til å styrke aktørane lokalisert her.

Aktuelle aktørar som er relevante for næringsretta partnerskapsmidlar, som er lokalisert utanfor Bergensregionen, vil det opnast for å støtte over budsjettpost «HNH statlege overføringar».

## **6. Retningsgjevande kriterier for næringsretta partnerskapsmidlar frå 2018.**

Fylkesrådmannen ønskjer i si tilråding å ha ei stram prioritering for kva aktørar som skal verte løyvd støtte dei komande åra, og fremjar her forslag til reviderte kriterier som næringsretta aktørar må vurderast opp mot. Dei gjeldande kriteria i dag er framleis gode, men ikkje spissa nok til å kunne prioritere i høve tilgjengelege midlar.

Nokre av aktørane kan vere avhengig av fylkeskommunal støtte for å få tildelt midlar frå statleg hald, eller frå private finansiørar. Fylkesrådmannen vurderer det til at avhengigheita av fylkeskommunal støtte, enten for å utløyse annan kapital, eller for eksistensen til aktøren ikkje er eit gyldig argument for tildeling. Dette kan binde fylkeskommunen utnødvendig sterkt til aktørar med mindre relevans i høve dei vedtekne måla for regional næringsutvikling.

### *6.1 Framlegg til prioriteringskriterier for partnerskapsmidlar.*

Fylkesrådmann vurderer det som mest hensiktsmessig å ha kriterier som byggjer opp om dei gjevne måla knytt til innovasjon, entreprenørskap og framtidsretta verdiskaping i Regional planstrategi og Regional næringsplan.

Hordaland har i dag fleire klynger, inkubatorar og grunderparkar, og er i ferd med å bygge opp fleire sterke miljø, som har merksemd på å få fram nye bedrifter, og for å sikre vekst og omstilling i eksisterande verksemder. Store delar av desse miljøa er lokalisert i og rundt Bergen. Med føringane som er gjevne for budsjettpost «HNH statlege overføringar» er det utfordrande å nytte midlar av desse midlane for å styrke aktørane i Bergensregionen. «HNH statlege overføringar» vil først og fremst kunne nyttast til aktørar i andre delar av fylket.

For at fylkeskommunen skal kunne vere ein viktig pådrivar for næringsutvikling i heile fylket dei komande åra, vil fylkesrådmannen prioritere å stø opp om miljøa i Bergensregionen over budsjettposten «Næringsretta partnerskap».

Fylkesrådmann fremjar difor følgande forslag til prioriteringskriterier:

Næringsretta partnerskapsmidlar skal vurderast opp mot følgande:

- a) Aktøren arbeider med å fremje entreprenørskap og innovasjon, knytt til nye bedriftsetableringar og/eller vekst i eksisterande bedrifter.
- b) Aktøren samlar og styrkar innovasjons- og/eller entreprenørskapsarbeidet i ein større del av fylket/region. Aktøren famnar over minst to kommunar.
- c) Aktøren har innsatsen retta mot område/regionar med høy eller sterk vekst i arbeidsløysa.

I tillegg kan følgande punkt vere relevant å vurdere i særskilte tilfelle:



Aktører med lite anna offentlig støtte kan verte støtta i særskilte tilfelle, uavhengig av arbeidet med entreprenørskap og innovasjon

Aktører som vert finansiert saman med andre fylkeskommunar, må også vurderast opp mot dei andre fylkeskommunane sine prioriteringar.

Fylkesutvalet vedtar i budsjetthandsaminga 2018 kva aktører som skal få støtte i ein tre-års periode frå 2018 til og med 2020.



Arkivnr: 2014/10535-38

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	131/17	29.11.2017

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll

### Bakgrunn for saka:

#### **Revisjonsrapport innan HMT og internkontroll i Hordaland fylkeskommune vart handsama i fylkestinget 10.03.2015 og det vart gjort slikt vedtak:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "HMT og internkontroll", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Setje i verk naudsynte tiltak i høve dei 15 tilrådingane som går fram av punkt 6 i rapporten.
2. Lage ein handlingsplan innan 1.6.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

#### **Punkt 6 i rapporten inneheld desse tilrådingane:**

1. Gjere tydeleg at fylkesrådmannen har eit overordna ansvar for arbeidet med kvalitet, HMT og informasjonstryggleik.
2. Vurdere å innføre årlege oppdragsbrev eller tilsvarende systematisering av måltal og krav til dei enkelte leiarar, og forsikre seg om at alle leiarar kjenner til kva fullmakter dei har.
3. Utvikle styrande dokument slik at det går fram meir konkrete krav til internkontrollen og korleis dei ulike prosessane/aktivitetane i internkontrollen er meint å fungere, under dette:
  - a) Setje tydelegare krav til korleis einingsleiarar og fylkesdirektørar skal følgje opp internkontrollen i eigne einingar.
  - b) Setje tydelegare krav til risikovurderingar og kva rolle desse skal spele i kvalitetsarbeidet i fylkeskommunen (ikkje berre innanfor HMT og informasjonstryggleik, men på alle område der det er fastsett mål, reglar og krav til rapportering).
4. Syte for at alle einingar og avdelingar tar i bruk risikovurderingar som eit verktøy i kvalitets- og internkontrollarbeidet for å kartlegge risiko for svakheiter knytt til måloppnåing, regeletterleving og rapportering.

5. Sikre at alle einingar og avdelingar set i verk risikoreduserande tiltak basert på gjennomførte risikovurderingar, og at dei utarbeider tilstrekkeleg med kontrollerande rutinar.
6. Vurdere korleis ein kan bruke innspel frå brukarar og tilsette på ein meir systematisk måte for å forbetre tenestene.
7. Få på plass system for dokumentstyring med rutinar for godkjenning og oppdatering av prosedyrar.
8. Sikre at alle leiarar og tilsette set seg inn i fylkeskommunen sine etiske retningslinjer, og gjere tiltak for å setje rette merksemd mot førebygging av korrupsjon og misleghald.
9. Gi tilstrekkeleg opplæring til leiarar og tilsette i kvalitetsarbeid og bruk av kvalitetssystemet, og som ein del av dette gi alle tilsette tilstrekkeleg informasjon om målet med avvikshandsaminga og korleis ein registrerer og følgjer opp avvik.
10. Vurdere å omtale varslingsrutinane i modulen for avviksregistrering i det elektroniske kvalitetssystemet, slik at det vert lettare for dei tilsette å forstå skilnaden mellom dei to typane meldingar.
11. Fastsetje tydelegare krav til korleis leiarar skal gjennomføre oppfølging av internkontrollen i si verksemd, og som ein del av dette korleis dei skal følgje opp resultatane frå eigenkontrollen.
12. Setje krav til at alle underliggende einingar (til dømes Skyss) rapporterer om arbeidet med HMT og internkontroll.
13. Sikre at alle einingar har system og rutinar på plass i samsvar med krav til internkontroll i arbeidsmiljølova § 3-1 (2). Spesielt må fylkeskommunen sjå til:
  - a) at dei einingane som ikkje har fastsett eigne mål for HMT i eininga gjer det.
  - b) at alle einingar gjennomfører HMT-kartlegging – td. vernerundar, vernemøte mv. og utarbeider handlingsplanar med bakgrunn i funn frå desse kartleggingane.
  - c) at einingsleiarar systematisk følgjer opp internkontrollen i eiga eining.
14. Vurderer om verneområda på nokre av skulane er for store til at verneombodet har full oversikt og kan ivareta sine oppgåver på ein forsvarleg måte.
15. Syte for at det kjem på plass tilstrekkeleg internkontroll knytt til elektronisk behandling av personopplysningar (jf. krav i personopplysningsforskrifta). Under dette m.a.
  - a) At avdelingar og einingar får oversyn over behandlingar av personopplysningar i systema dei arbeider med, og at dette vert samla i ei oversikt for fylkeskommunen.
  - b) At det vert gjennomført risikovurderingar knytt til system som behandlar personopplysningar.

#### **Handlingsplanen vart handsama av kontrollutvalet i møte 17.6.2015 der det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan HMT og internkontroll i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av at det framleis gjenstår mykje arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.»

#### **Statusrapport i tråd med vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 5.4.16 der det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan HMT og internkontroll når det gjeld punkta 5, 6, 8, 9, 10, 17, 22, 23, 25, 28, 35, 36, 38, 39 og 40 i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.»

#### **Ny statusrapport i tråd med vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 20.10.16 der det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg tilbakemelding på status for tiltakspunkta 5, 6, 8, 9, 17, 22, 23, 25, 36, 39 og 40 innan 31.12.2016, inkludert tidspunkt for når det er planlagt at tiltaka er/skal vera ferdig gjennomført.»

**Statusrapport i tråd med vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 17.02.17 der det vart gjort slikt vedtak:**

*«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg tilbakemelding på status for tiltakspunkta 17, 22, 23, 25 og 36 innan 18.04.2017.»*

**Ny statusrapport i tråd med vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 23.05.17 der det vart gjort slikt vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg tilbakemelding på status for tiltakspunkta 17, 25 og 36 innan 01.09.2017.

Drøfting:

Ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 01.09.2017 ligg ved.

Sekretariatet registrerer at Hordaland fylkeskommune har fått på plass dei fleste forbetringane i høve forvaltningsrevisjon av HMT og internkontroll. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet seie seg nøgd med tilbakemeldinga, seie seg ferdig med saka og ønske lykke til med det vidare forbetningsarbeidet.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga, seier seg ferdig med saka og ønsker lykke til med det vidare forbetningsarbeidet.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med tilbakemeldinga i høve forvaltningsrevisjon av HMT og internkontroll, seier seg ferdig med saka og ønsker lykke til med det vidare forbetningsarbeidet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll - status 01.09.17
- 2 Handlingsplan HMS og internkontroll - status 01.09.17

**Notat**

Dato: 01.09.2017  
Arkivsak: 2014/10535-37  
Saksbehandlar: fromann

---

**Til:** Roald Breistein

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll - status 01.09.17**

Det vert vist til partsbrev av 29.05.2017 frå Sekretariat for kontrollutvalet, ref. 2014/10535-36.

Deloitte gjennomførte hausten 2014 ein forvaltningsrevisjon av internkontroll og HMT på oppdrag frå kontrollutvalet. Rapporten frå revisjonen er handsama i Fylkestinget 10.03.15, sak 7/2015.

Kontrollutvalet behandla status for tilhøyrande handlingsplan i møte 08.05.17. Kontrollutvalet gjorde i dette møtet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg tilbakemelding på status for tiltakspunkta 17, 25 og 36 innan 01.09.2017»

Vedlagt ligg oppdatert handlingsplan pr. 01.09.17. Dei tre tiltakspunkta som kontrollutvalet etterspør, nr 17, , 25 og 36 er markerte i planen.

Fylkesrådmannen har følgjande utfyllande kommentarar:

Pkt. 17 - E-læring om avvikshandsaming: To leksjonar (ikkje tre slik det ved en inkurie ble nemnt tidlegare) er ferdigstilte og publiserte i e-læringsportalen. Dei tre siste leksjonane er dessverre ikkje ferdig, grunna manglande kapasitet i HR-seksjonen. Ein tar sikte på ferdigstilling og utsending til alle leiarar i løpet av september/oktober 2017.

Pkt. 25: Revidert varslingsrutine er godkjend i Fylkesutvalet 23.05.17. Rutinen er publisert i Kvalitetsportalen. E-læringskurs om varsling er publisert, og det er informert om varsling på intranett. Det ser likevel ut til at svært få har gått gjennom kurset. Ein vil med det første vurdere å sende kurset direkte ut til alle tilsette via e-post, for å auke gjennomføringa.

Pkt 36: Rutine for AMU-arbeid er godkjend av HAMU 12. mai 2017 og publisert i Kvalitetsportalen. Ytterlegare informasjon er gitt i Leiarnytt mai 2017.

Vedlegg: Handlingsplan forvaltningsrevisjon HMS og internkontroll

# Handlingsplan

jf tilrådingar i forvaltningsrevisjon HMS\*) og internkontroll, Deloitte 2014.

Status pr. 01.09.2017

\*) Nemninga HMT er nytta i tidlegare dokument. Frå juni 2016 har HFK endra nemninga til HMS – Helse, miljø og sikkerheit. Planen er ei oppfølging av vedtak i Fylkestinget av 10.03.15, sak 7/2015

Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Tilr. nr	Status pr. 01.09.2017
Styringssystem	1	Styrande dokument informasjonstryggleik revidert	Informasjons-tryggleiksrådgjevar	01.06.2015	1	OK. Godkjent i fylkesutvalet 19.05.2015 og publisert i Kvalitetsportalen.
	2	Styrande dokument kvalitetsarbeid revidert	Kvalitetskoordinator	01.06.2015	1	OK. Publisert i Kvalitetsportalen.
	3	Styrande dokument HMT revidert	HMT-sjef (frå 010116: HR-dir)	01.06.2015	1, 13	OK. Ny HMS-plan godkjent og publisert hausten 2014. Revidert mai 2016
	4	Fullmaktsreglement revidert	Fylkesrådmannen	30.06.2015		OK. Handsama i administrasjonsutvalet 17.06.2015, publisert i Kvalitetsportalen.
	5a	Etablere rutine for å sikre kontinuerleg oppdatering og årleg revidering av dokumenta i Kvalitetsportalen	Kvalitetskoordinator	31.03.2016	7	OK, ny rutine publisert 27.03.17
Målstyring	5b	Oppdragsbrev til fylkesdirektørane	Fylkesdirektør organisasjon	01.03.2015	2	OK
	6	Innføre risikovurderingar på definerte områder som krav i oppdragsbrev 2016	Fylkesrådmannen	31.01.2016	4	Ligg i nokre av oppdragsbrev, men ikkje alle. Det er gjennomført risikovurderingar på system som behandlar personsensitive data.
	7	Følgje opp at vedtekne planar ligg til grunn for utvikling, og at det vert rapportert på framdrift i leiargruppene	Fylkesrådmannen	31.12.2015	3	OK. Kvar avdeling har utarbeidd målstyringsdokument som ligg i budsjettet for 2016. Det blir utarbeidd handlingsplanar i henhold til desse, og desse blir rapportert på.
Rapportering	8	Innføre krav til rapportering frå større einingar (Skyss, Bybanen utbygging, OT/PPT, Tannhelse).	Fylkesrådmannen	31.03.2016	12	OK
	9	Innføre rapportering på identifiserte risikoområder i toppleiargruppa	Fylkesrådmannen	31.03.2016	5	OK. Skjema for risikovurdering er behandla i toppleiargruppa, og vert implementert 2. kvartal 2017.
	10	Innføre gjennomgang av statistikk for avviksmeldingar i toppleiargruppa	Fylkesrådmannen	31.03.2016	6	OK.

Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Tilr. nr	Status pr. 01.09.2017
	11	Innføre krav om at referat frå AMU-møte skal gjerast tilgjengelege i Kvalitetsportalen	Fylkesrådmannen	31.12.2015	14	OK. Krav til referat frå lokale AMU er sendt skriftleg til alle einingar.
Internkontroll	12	Sette oppfølging av Eigenkontroll 2014 på møteplanen for toppleiargruppa og HAMU kvart kvartal	Fylkesdirektør organisasjon	01.10.2015	11	OK
	13	Følgje opp at fylkesdirektørane har oppfølging av eigenkontrollen som tema i sine leiargrupper	Fylkesrådmannen	30.09.2015	11	OK
	14	Stikkprøvekontroll for å kvalitetssikre resultatet i eigenkontroll 2014	Kvalitetskoordinator	31.12.2015	3, 13	OK
Leiarutvikling	15	Etablere jamlege leiarsamlingar med opplæring i aktuelle tema	Fylkesdirektør organisasjon	01.04.2015	2	OK, overført til løpande aktivitet
	16	Lage plan for leiaropplæring for å sikre at leiarfullmaktene og fylkesrådmannen sitt ansvar er klart for alle	Personaldirektør	31.08.2015	1	Utsett, fullmaktsreglementet er under revisjon.
	17	Gjennomføre e-læring om avvikshandsaming for leiarar	Kvalitetskoordinator	31.03.2016	9	To kurs er publisert, eit tredje er under utvikling. Utsending av dei to kursa til alle leiarar utsett til veke 36-2017.
	18	Ha førebygging av korrupsjon og misleghald som tema på ei leiarsamling	Personaldirektør	31.12.2015	8	OK, gjennomført 2. – 3. november 2015
	19	Dokumentet «Beskytt kommunen» frå Kommunenes sentralforbund skal gjennomgåast i alle leiargruppene i løpet av våren 2015	Fylkesrådmannen	30.06.2015	8	OK, gjennomført hausten 2015
Medarbeidar-opplæring	20	Lansere brukarmanualar for Kvalitetsportalen	Kvalitetskoordinator	31.05.2015	9	OK
	21	Gjennomføre opplæring i kvalitetsarbeid og bruk av kvalitetsportalen for leiarar og kvalitetsansvarlege i fylkesadministrasjonen	Kvalitetskoordinator	30.06.2015	9	OK, gjennomført juni 2015.
	22	Lage plan for opplæring i kvalitetsarbeid og kvalitetsportalen for skulane	Kvalitetskoordinator	31.03.2016	9	OK. Samling for yrkesfaglærarar gj.ført 050416. Kvalitetsarbeid var tema på AMU-konferansen 09.03.17, med 135 deltakarar frå 36 skular.
	23	Lage plan for opplæring i kvalitetsarbeid og kvalitetsportalen for tannklinikkane	Kvalitetskoordinator	31.03.2016	9	OK. Opplæring gjennomført i samlingar 2015/16 og .... Vidare opplæringsplanar vert handsama i Kvalitetsforum, og i AMU-konferansen 09.03.17.
	24	Gjennomføre e-læring i etiske retningslinjer for alle tilsette	Fylkesdirektør organisasjon	30.09.2015	8	OK

Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Tilr. nr	Status pr. 01.09.2017
	25	Gjennomføre e-læring i varslingsrutinar for alle tilsette	Fylkesdirektør organisasjon	31.01.2016	10	OK. Rutine revidert mai 2017. e-læringskurs er utarbeidd og publisert. Informasjon på intranett 09.06.17
Forankring og medvirkning	26	Sikre at einingane utfører tiltaka som vart identifisert etter MU2014	Fylkesrådmannen	31.10.2015	6	OK
	27	Gjennomføre brukarundersøking for IT-seksjonen, med leiarar, medarbeidarar og systemansvarlege som respondentar	Fylkesdirektør organisasjon	31.05.2015	6	OK
	28	Utrede eventuelle løysingar for forslagskasser for publikum	Kommunikasjonsdirektør	30.06.2016	6	OK
	29	Følgje opp at avviksmeldingar og ros&ris-meldingar vert handsama på ein god måte	Fylkesdirektør organisasjon	31.12.2015	6	OK. Ny gjennomgang av avvikshandtering Q4 2016.
	30	Gjennomføre brukarundersøking for organisasjonsavdelinga	Fylkesdirektør organisasjon	31.05.2015	6	OK
	31	Gjennomføre brukarundersøking for økonomiavdelinga	Fylkesdirektør økonomi	31.05.2015	6	OK
Etterleving av lovkrav	32	Sikre at det vert gjennomført risikovurdering av alle system med personopplysningar i løpet av 2015	Fylkesrådmannen	31.12.2015	15	OK
	33	Gjennomføre haldningskampanje for å sikre at varslingar og avviksmeldingar vert handsama rett i organisasjonen	Fylkesrådmannen	31.12.2015	10	OK. Omtale i leiarnytt og på intranett. Kurs for hovudtillitsvalde i juni 2015.
	34	Få på plass informasjon om varsling i avviksmodulen i Kvalitetsportalen	Kvalitetskoordinator	31.08.2015	10	OK
	35	Vurdering av størrelse og omfang på verneområda, med skriftleg innstilling frå HAMU	Fylkesdirektør organisasjon	31.03.2016	14	OK. Handsama i HAMU 23.10.15. Vert følgt opp av HR-seksjonen.
	36	Ny rutine for AMU-arbeid i HFK	HR-direktøren	31.03.2016	14	OK. Ny rutine godkjent i HAMU 12.05.17 og publisert i Kvalitetsportalen. Informasjon i Leiarnytt mai 2017.
Risikovurdering som verktøy	37	Etablere krav til risikovurdering på definerte områder, og definere retningslinjer for akseptabel risiko	Fylkesrådmannen	31.12.2015	4	OK I den nye malen for tertialrapportering økonomi er det tatt inn krav om risikovurdering. Nye akseptansekrav for risikovurdering vedtekne i Fylkestinget juni 2016.
	38	Sikre at uformelle risikovurderingar vert sett i system og nyttar eksisterande malar	Fylkesrådmannen	30.06.2016	4	OK



Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Tilr. nr	Status pr. 01.09.2017
	39	Opplæring i risikovurdering som verktøy i drifta	Informasjons-tryggleiksrådgjevar/HR-direktøren	30.06.2016	4	OK, skjer gjennom grunnopplæring Arbeidsmiljø/HMS. Gjennomført to kurs 2016, plan for framhald med to kurs i 2017.
	40	Følgje opp at det ligg risikovurderingar til grunn for dei tiltaka som vert gjennomført i einingane	Fylkesrådmannen	30.06.2016	5	OK



Arkivnr: 2014/24576-24

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	132/17	29.11.2017

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av rusførebyggjande arbeid

### Bakgrunn for saka:

#### **Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 90/2015 i møte 9.12.15:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a*
2. *Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følggt opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen*
3. *Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar*
4. *Sikre at skulane involverer helsesøster i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste*
5. *Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet*
6. *Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen*
7. *Laga ein handlingsplan innan 1.2.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
8. *Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan.»*

**På bakgrunn av punkt 7 i vedtaket over handsama kontrollutvalet handlingsplanen i møte 5.4.16 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.*
2. *På bakgrunn av at forslag til nye retningslinjer for rusførebyggande arbeid skal vera ferdig politisk handsama i løpet av juni ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.*

**Kontrollutvalet handsama tilbakemelding frå fylkesrådmannen i tråd med punkt 2 over i møte 20.10.2016 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er gjennomført i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.*
2. *På bakgrunn av at det framleis er noko arbeid som er planlagt ferdig i løpet av hausten 2016 ber kontrollutvalet om å få ny skriftleg statusrapport på punkta 3 og 4 innan 31.12.2016.*

**Kontrollutvalet handsama ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen i tråd med punkt 2 over i møte 13.02.2017 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet registrerer at det er fylkesrådmannen si vurdering at arbeidet med forankring av nye retningslinjer ikkje har nådd måla for 2016. Arbeidet med forankring vil halde fram på samlingar for skuleleiarar våren 2017 og i skulebesøk med utvalde skular våren 2017.*
2. *På bakgrunn at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 9.10.2017.*

#### Drøfting:

Sekretariatet har motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen dagsett 26.09.2017 med ny status på forbetningsarbeidet i denne forvaltningsrevisjonen

Sekretariatet registrerer at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon rusførebyggande arbeid er komme ein del lenger enn ved rapporteringa pr. 13.02.2017. Det er framleis ein del arbeid som gjenstår før alle punkt er ferdig gjennomført, sjølv om det no er nesten 2 år sidan vedtaket vart gjort i fylkestinget. Kontrollutvalet bør på bakgrunn av dette be om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 2, 3, 5 og 8 innan 15.01.2018.

#### Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet bør gje uttrykk for at det ikkje er tilfredstillande at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid ikkje er ferdig nesten 2 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort. På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 2, 3, 5 og 8 innan 15.01.2018.

#### **Forslag til vedtak**

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner det ikkje er tilfredstillande at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid ikkje er ferdig nesten 2 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.*
2. *På bakgrunn at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 2, 3, 5 og 8 innan 15.01.2018.*

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 Forvaltningsrevisjon Rusførebyggjande arbeid



## Notat

Dato: 26.09.2017  
Arkivsak: 2016/2643-5  
Saksbehandlar: laikle3

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Forvaltningsrevisjon Rusførebyggjande arbeid

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Kontrollutvalet 13.02.2017, PS17/17:

«1. Kontrollutvalet registrerer at det er fylkesrådmannen si vurdering at arbeidet med forankring av nye retningslinjer ikkje har nådd måla for 2016. Arbeidet med forankring vil halde fram på samlingar for skuleleiarar våren 2017 og i skulebesøk med utvalde skular våren 2017.

2. På bakgrunn at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 9.10.2017 når det gjeld forvaltningsrevisjon innan rusførebyggjande arbeid.»

Fylkesrådmannen viser til innsendt handlingsplan arkivsak 2016/2643-1, det tilrådingane i forvaltningsrevisjonen er delt inn i åtte punkt. Status pr. 26.09.17 er fylt inn med raud skrift.

Retningslinjene for rusførebyggjande arbeid som vart lagt fram for kontrollutvalet i september 2016, vart i september 2017 reviderte som resultat av nytt kapittel 9A i opplæringslova. Retningslinjene vart utarbeidd etter og refererte til prosedyrar som var forankra i den førre lovteksten.

Arbeidet med å utarbeide og forankre endra prosedyrar i høve nytt kapittel 9A om eleven sin rett til eit trygt og godt skulemiljø har vore prioritert vår og haust 2017, og informasjon om nytt innhald og nye prosedyrar vart presentert for rektorane i september 2017. Prosedyrane vart samstundes tilgjengelege for skulane i kvalitetssystemet til Hordaland fylkeskommune.

I retningslinjene for rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular er det òg lenka til døme på handlingsplan til bruk for skulane. Denne dømeplanen vil bli revidert i oktober 2017, også etter den nye lovteksten og reviderte prosedyrar.

Ei sjekklister for internkontroll vil av same årsak reviderast. Ho vil vere klar i løpet av hausten 2017, slik at skulane vil finne ho i kvalitetssystemet, til liks med dei andre dokumenta, før ho skal takast i bruk.

Det er naturleg at risikobaserte tilsyn settast i verk etter at dei oppdaterte rutinane for rusførebygging og prosedyrane for oppfølging av kap. 9A har vore prøvd ut.

Fylkesrådmannen viser til at arbeidet med ein rettleiar til bruk for skulane også er godt i gang. Ferdigstilling av rettleiar og formalisering gjennom dokument i kvalitetsportalen vil finne stad hausten 2017.

Det er fylkesrådmannen si vurdering at det rusførebyggjande arbeidet skal vere del av oppfølginga av eleven sine rettar til eit trygt og godt skulemiljø. Det helsefremjande arbeidet i skulen bidrar til trivsel og meistring, og i eit rusførebyggjande perspektiv er høg kvalitet i dette arbeidet grunnleggjande. Det er viktig å identifisere sårbare barn og unge og styrke deira meistringsevne og læringsutbytte, og dette er avgjerande for å lukkast med rusførebygging.

Tilrådingar i forvaltningsrevisjonen	Tiltak v/ Hordaland fylkeskommune	Start/slutt	Ansvarleg	Status
<p>På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan «Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular», ber fylkestinget fylkesrådmannen å syte for å:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utarbeide retningslinjer eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegg risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf. opplæringslova § 9a.</li> </ol>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fylkesrådmannen skal utarbeide overordna retningslinjer for det rusførebyggjande arbeidet i dei vidaregåande skulane som skal gjelde frå hausten 2016. Retningslinjene skal omfatte punkt 1-6 i Fylkestinget sitt vedtak.</li> <li>- Det skal settast ned ei referansegruppe beståande av representantar frå Opplæringsavdelinga, skuleleiinga, tillitsvalde, elevorganisasjonen, Bergen kommune, og Korus. Referansegruppa skal ha ein rådgivande funksjon i arbeidet med nye retningslinjer for det rusførebyggjande arbeidet.</li> </ul>	Mars-juni 2016	Fylkesdirektør opplæring	<p>Oppstart mars 2016</p> <p>Fylkesrådmannen har utarbeidd utkast til retningslinjer for det rusførebyggjande arbeidet i dei vidaregåande skulane. Retningslinjene skal på høring til medlemmene i referansegruppa i september 2016.</p> <p><b>Retningslinjene for rusførebyggjande arbeid som vart lagt fram for kontrollutvalet i september 2016, vart i september 2017 reviderte som resultat av nytt kapittel 9A i opplæringslova. Retningslinjene vart utarbeidd, og refererte til prosedyrar som var forankra i den førre lovteksten.</b></p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Nye retningslinjer skal leggjast fram for Ungdommens fylkesutval i mai, OPHE i juni, og kontrollutvalet i juni.</li> </ul>			
<p>2. Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggande planar, og krav til at desse planane blir følgt opp og revidert med jamne mellomrom, jf. opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttmateriell frå Helsedirektoratet om rusførebyggande arbeid i skulen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Pålegg om utarbeiding av rusførebyggande planar går inn som tema i arbeidet med nye retningslinjer for rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular. Sjå punkt 1</li> </ul>	Mars-juni	Fylkesdirektør opplæring	<p>Skulane er ikkje pålagt å lage planar i inneverande skuleår, men i Deloitte sin rapport frå oktober 2015 svarar 48,3 % av rektorane at dei hadde rusførebyggande handlingsplanar.</p> <p>Krav om rusførebygging inngår i Handlingplan for oppfølging av eleven sitt psykososiale miljø.</p> <p>I retningslinjene er det òg lenka til døme på handlingsplan til bruk for skulane. Denne dømeplanen vil bli revidert i oktober 2017, også etter den nye lovteksten og reviderte prosedyrar. Ei sjekkliste for internkontroll vil av same årsak reviderast. Ho vil vere klar i løpet av hausten 2017, slik at skulane vil finne ho i kvalitetssystemet, til liks med dei</p>

				andre dokumenta, før ho skal takast i bruk.
3. Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar.	- Skulane sine handlingsplanar vil vere eit viktig verkty for å styrke det systematiske arbeidet. Slike planar må sjåast i samanheng med krav om internkontroll jf. oppl. §9a. Det er og viktig å sikre oppdatert kompetanse i utarbeiding av planane. Kjentmann er eit tiltak som går ut på å sikre at skular har personale som har gjennomgått kurs/kompetanseheving for å sikre ein mest mogleg kompetent handtering av konkrete situasjonar og kompetanse i det førebyggjande arbeidet. Alle skular i HFK skal ha ein kjentmann og kjentmannen skal bidra i utarbeiding av skulane sine handlingsplanar.	Mars - juni	Fylkesdirektør opplæring  Fylkesdirektør opplæring har ansvar for å etterspørje systematikk og tiltak gjennom det verksemdbaserte vurderingsarbeidet, jf. §9a.	<p>Dette kravet vil gå inn som ein del av nye retningslinjer for rusførebyggjande arbeid frå hausten 2016, jf. Punkt 1, og gå inn som ein del av skulane sine handlingsplanar.</p> <p>‘Kjentmann’-ordninga er etablert i alle skulane. 18 skular har fullført kursa, 17 skular starta opp haust 2016.</p> <p>Ny prosjektkoordinator i Antidoping Norge tilbyr kompetanseheving til alle skulane på feltet doping og rus</p> <p>Det er naturleg at risikobaserte tilsyn settast i verk våren 2018 etter at dei oppdaterte rutinane for rusførebygging og prosedyrane for oppfølging av kap. 9A har vore prøvd ut.</p>
4. Sikre at skulane involverer helsesøster og dei kommunale helsetenestene i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad	- Utarbeide retningslinjer for skulane sitt arbeid med handlingsplanar som sikrar involvering av helsesøster og	Mars - juni	Fylkesdirektør opplæring	Dette kravet vil gå inn som ein del av nye retningslinjer for rusførebyggjande arbeid frå hausten 2016, jf.



<p>både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste.</p>	<p>kommunale helsetenester, - jf. Tiltak punkt 1.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>•</li> </ul>			<p>Punkt 1, og gå inn som ein del av skulane sine handlingsplanar for å sikre gode skulemiljø.</p> <p>Fylkesrådmannen har sett tema på dagsorden på skulemiljøkonferansen i september 2017 der rektorar og elevinspektørar møter: Presentasjon av arbeid ved to skular, og erfaringsdeling.</p> <p>(vedlegg)</p>
<p>5. Utarbeide retningslinjer for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnarar i det rusførebyggjande arbeidet.</p>	<p>Pålegge skulane å gjennomføre Kjentmannprogrammet innan 2016, og krav om å delta i nettverk saman med andre skular i fylkeskommunen som oppfølging av kursrekka.</p> <p>Halde fram forpliktande samarbeid i SLT nettverket</p> <p>Utarbeide rettleiar for</p>	<p>2015-2016</p> <p>Des.2016</p>	<p>Fylkesdirektør opplæring</p>	<p>Per januar 2016 er det 26 deltakarar frå 18 av dei vidaregåande skulane er i gang med skolering av kjentmann på skulen. Dette kravet vil gå inn som del av nye retningslinjer frå hausten 2016.</p> <p>Skulane har gjennomført Kjentmannprogrammet, med unnatak av to skular som skal ha kursing frå Bergensklinikkene i eigen regi.</p> <p>Fylkesdirektør opplæring er representert i styringsgruppa for SLT og skulane deltek i SLT arbeid i bydelane. Fylkesdirektør opplæring deltok med 4 representantar på SLT sin samling</p>

	samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og andre relevante samarbeidspartnarar	Ny frist November 2017		<p>der tema var å sikre tidlig kartlegging av barn og ungdom som treng ekstra oppfølging.</p> <p>Fylkesrådmannen viser til at arbeidet med ein rettleiar til bruk for skulane også er godt i gang. Ferdigstilling av rettleiar og formalisering gjennom dokument i kvalitetsportalen vil finne stad hausten 2017.</p> <p>Arbeidet med rettleiaren skal sjåast i samanheng med andre tiltak knytt til folkehelse. Det er invitert til innspelsmøte i oktober 2017 i høve rettleiaren, der skule, EO, UFU, Bergensklinikkene, Bergen kommune/ utekontakten, skal bidra. Arbeidet med rettleiaren skal sjåast i samanheng med andre tiltak knytt til folkehelse.</p>
6. Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen.	Denne tilrådinga vil gå inn som del av Nye retningslinjer for rusførebyggjande arbeid i dei vidaregåande skulane, jf. punkt 1.	Mars-juni 2016	Fylkesdirektør opplæring	<p>Oppstart mars 2016</p> <p>Jf. Retningslinjer, vedlegg</p>

<p>7. Laga handlingsplan innan 01.03.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opptilrådingane i rappoerten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.</p>	<p>Utarbeide oversikt til kontrollutvalet som viser tiltak og status for oppfølging av tilrådingar i revisjonsrapport.</p>		<p>Fylkesdirektør opplæring</p>	<p>Leverert 01.03.16</p>
<p>8. Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorganisasjonen i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplanen</p>	<p>Etablere referansegruppe for utarbeiding av retningslinjer for det rusførebyggjande arbeidet i dei vidaregåande skulane i HFK. Representantar frå Ungdommens fylkesting og Elevorganisasjonen i Hordaland vert invitert til å delta i referansegruppa som skal ha ha ein rådgjevande funksjon.</p>	<p>Mars 2016</p>	<p>Fylkesdirektør opplæring</p>	<p>Politisk sak om retningslinjer for det rusførebyggjande arbeidet i dei vidaregåande skulane skal meldast til Ungdommens fylkesutval 13.05. Saka skal til handsaming i OPHE i juni og til kontrollutvalet 21.06.16  Det er invitert til innspelsmøte i oktober 2017 i høve rettleiaren, der skule, EO, UFU, Bergenslinikkene, Bergen kommune/ utekontakten, skal bidra.</p>





Arkivnr: 2016/4239-40  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	133/17	29.11.2017

## Rekneskapsresultat hittil i 2017 for kontrollutvalet

### Bakgrunn for saka

Det er tradisjon at rekneskapsrapportar hittil i år for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert lagt fram i fleire møter gjennom året.

### Drøfting:

I dette møtet vil sekretariatet leggje fram rekneskapsrapportar hittil i 2017.

### Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar rekneskapsrapportane til orientering.

### **Forslag til vedtak**

Rekneskapsresultatet hittil i 2017 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Arkivnr: 2015/11023-22

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	134/17	29.11.2017

### Gjennomgang av møteprotokoller

#### Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møtebøker frå andre politiske utval i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til fylkeskommune, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/AlIDmb>

Kontrollutvalet vart i møte 9.11.og 18.12.15 samde om å dela jobben med å lesa gjennom møtebøkene før møta i utvalet slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Fylkestinget	Inge Reidar Kallevåg
Fylkesutvalet	Sara Berge Økland
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	Kristian Helland
Utval for opplæring og helse	Åse Gunn Husebø
Utval for miljø og samferdsel	Terje Kollbotn

Fylkestinget gav i møte 4.10.2017 Sara Berge Økland permisjon til 01.07.2017. Ruth Grethe Ø. Eriksen vart vald inn som nytt medlem i same periode. Eriksen tek over ansvar for gjennomgang av møteprotokollane fr fylkesutvalet i denne perioden.

Følgjande møteprotokollar er aktuelle å gjennomgå i dette møtet:

- Fylkestinget 27.10.2017
- Fylkesutvalet 26.10.2017
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 25.10. og 15.11.2017
- Utval for opplæring og helse 07.11.2017
- Utval for miljø og samferdsel 08.11.2017

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**PS 135/17 Referatsaker**



**Notat**Dato: 09.10.2017  
Arkivsak: 2015/10348-21  
Saksbehandlar: grothor

---

**Til:** Fylkesutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. oktober 2017**

Oversendingsforslag, spørsmål og bestillingar til fylkesrådmannen.

<b>Møtedato</b>	<b>Sakark.nr.</b>	<b>Frå valperioden 2015-2019</b>	<b>Forventa svar til FUV</b>
04.05.17	16/6854	Politisk sak om framtidig behov for produksjonsskular. Oversendingsforslag frå Silje Hjemdal, Frp	November
04.05.17	15/4446	Fylkeskommunal løyving til Sentralbadet? Spørsmål frå Aud Karin Oen, SV	Oktober
22.06.17	15/15627	Ber om sak om korleis andre kollektivreisande kan nytte plassar på innfartsparkering som ikkje vert nytta av reisande med periodekort. Oversendingsforslag frå Stein Inge Ryssdal, H	November
22.06.17	16/1388	Ber om sak om oppfølging av FUV-sak 66/16 for få vurdert ny oppfølging av saka og eventuelt nytt initiativ som grunnlag for eit prosjekt «Grøn skipsfart». Oversendingsforslag frå Roald Kvamme, A	Oktober
24.08.17	14/15627	Ber om orientering om parkeringssituasjonen og prognoser for parkering i Arna. Bestilling frå Tom Sverre Tomren, MDG	Oktober
20.-21.09.17	17/15115	Kort redegjørelse vedr. Bussanlegg Askøy. Bestilling frå Roald Stenseide, Frp	Oktober
20.-21.09.17	14/14601	Effekt av fråværgrensa i Hordaland fylkeskommune. Kan obligatoriske køyretimar gje godkjent fråvær. Oversendingsforslag frå Silje Hjemdal, Frp	November

## Saksprotokoll i fylkestinget - 27.10.2017

**Inge Reidar Kallevåg (H)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 4  
Tillegg til Reglement for fellesnemnda, punkt 14:  
Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.»

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1:  
Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vera Vestlandet/Vestland fylkeskommune.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

1. «Den nye fylkeskommunen sitt namn skal fastsetjast etter drøftingar/vedtak i fellesnemnda på tingsetet i desember.
2. Storleiken på det nye fylkestinget skal fastsetjast etter drøftingar/vedtak i fellesnemnda på tingsetet i desember.
3. Fell dette fremjar SV:  
Nytt punkt 2: det nye fylkestinget skal ha 71 medlemmer.

Elles som innstilling.»

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget utset å gjere nye vedtak om eventuell samanslåing mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar inntil føresetnaden om nye oppgåver / ansvarsområde frå Regjering og Storting er oppfylt.»

**Røysting** (forslaget om utsetjing)

Kollbotn sitt forslag fekk 4 røyster (R, SV) og fall.

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 3, ny andre setning:  
I tillegg skal gruppeleiarane/ein representant frå dei partia i begge fylka som ikkje er representert i fylkesutvala vere medlemmer av fellesnemnda.»

Pål Kårbø trekte forslaget sitt.

**Røysting** (saka)

Oen sitt forslag punkt 1 og 2 fekk 7 røyster (SV, R, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke mot 4 røyster (SV, R).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke med 50 røyster mot 7 røyster (SV, MDG, R) for Oen sitt forslag punkt 3.

Tomren sitt forslag punkt 3 fekk 10 røyster (MDG, SV, V, R) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 fekk 53 røyster (A, Sp, KrF, H, Frp, V, MDG) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 med Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 og 6 vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Med utgangspunkt i Stortinget sitt vedtak av 08.06.17 i høve regionreforma, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar sin vedtekne intensjonsplan for samanslåing og inndelingslova sine krav, gjer fylkestinget følgjande vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vere Vestlandet fylkeskommune.
2. Det nye fylkestinget skal ha 65 medlemmer.
3. Fellesnemnda for samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar skal bestå av dagens to fylkesutval med til saman 24 medlemmer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Varamedlemene til fylkesutvala skal også vere varamedlemmer til fellesnemnda.

Fylkestinget vedtek med dette også det vedlagde reglementet for fellesnemnda.

4. Fellesnemnda for den vidare samanslåingsprosessen får i oppgåve å etablere eit partssamansett utval, underlagt nemnda. Fellesnemnda vedtek mandat og samansetting for utvalet.

Tillegg til Reglement for fellesnemnda, punkt 14:

Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.

5. I tillegg til dei fire lovpålagde vedtakspunkta over, stadfestar fylkestinget at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

Ein legg elles til grunn at føreliggjande intensjonsplan vert følgd i det vidare samanslåingsarbeidet.

6. Fylkestinget sitt vedtak føreset likelydande vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane.

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 27.10.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkestinget vel til revisor for fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, det revisjonsselskapet som er rekneskapsrevisor for den fylkeskommunen som fører prosjektrekneskapen for fellesnemnda.



Arkivnr: 2015/12709-7  
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

## Saksframlegg

### Saksgang

Uttal	Saknr.	Møtedato
